



ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet

Nr. 4 – 2010 12 årgang kr. 50,-

Leiar

Kjende tonar frå dyrevern-organisasjonane.

Siste dagane har det vore eit hardt og til dels personretta køyr i media mot norske pelsdyroppdrettarar. Dyrevernaktivistar har filma i mink- og revedgardar, og biletet av vanskjøtta dyr har rulla over skjermen, noko som sjølv sagt gjer inntrykk på nokon kvar. Og kravet om nedlegging av ei heil næring får brei støtte heilt til topps i politikken. Det er eit forhasta standpunkt.



Det oppskrudde tonefallet i kampanjen mot pelsdynæringa no, er mykje det same som i kampanjene mot selfangsten for nokre tiår sidan. Og det er ikkje berre dei same organisasjonane som er aktive, delvis er det dei same folka også.

Kjendisane stiller som venta opp denne gongen også. Dei mest kjenslevare har allereie vore ute og fortalt at dei har kasta pelsen. Det tviler vi ikkje på.

Per Johnson som i mange år levde eit eventyrlig liv i Arktis, særleg Svalbard, vil i tida framover skrive i Isflaket og fortelje frå opplevingane sine der nord. Dette er noko vi er svært glade for. Også fordi vi ikkje har hatt nok stoff frå Svalbard i bladet hittil. Per Johnson er representert med to artiklar i dette nummeret.

Som mange vil ha fått med seg, er det i haust kome ut ei bok med tittelen «Is, skuter og folk, Isflaket i 10 år». I dette nummeret har vi med Marit Karlsen Brandal sin artikkel om ei overvintring på Gråhukene som ei smaksprøve frå boka. Vi har med journalist Marit Kvammen sin reportasje frå lanseringa av boka her på Ishavsmuseet. Og til sist har vi teke med Marit Kvammen si bokmelding. Begge dei to siste har nettopp stått i avisar Vikebladet/Vestposten. Vi takkar henne for at vi fekk lov å bruke artiklane.

Ishavsmuseet sin nettbutikk er oppe og går. Knapt 50 ulike boktitlar ligg inne no, fleire kjem i tida framover. Det er berre å klikke seg inn på Ishavsmuseet si heimeside på internett for den som er interessert. Skulle det vere nokon av den gamle skule som ikkje heilt har trua på internett når dei skal skaffe seg lesestoff, er det berre å ta ein telefon eller stikke innom Ishavsmuseet.

Vi vil takke alle som på ulikt vis gjer det mogeleg å lage dette bladet, skribentar, lesarar og sponsorar.

Vi ønskjer alle ei retteleg god jul og eit godt nytt år!

Brandal 18.11.2010

Med helsing Finn Sindre Eliassen, redaktør



Isflaket

Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet Aarvak og Ishavsmuseets Venneforening, Brandal

Redaksjon: Finn Sindre Eliassen, redaktør.
finn@ishavsmuseet.no – Webjørn Landmark
webjorn@ishavsmuseet.no og Haftor Hofset

Adresse; Ishavsmuseet, 6062 Brandal.

Tlf. 700 92 004 – 95 11 76 44

www.ishavsmuseet.no -
www.ishavsvener.net

Opplag: 700 Årskontingent/abonnement kr.
200,- Isflaket fritt tilsendt.

ISSN 1891 - 9480

Forsidefoto: Nils Pilskog, «Asbjørn» forliser.

Fangstliv. Om ei overvintring på Halvmåneøya i 1960-70

Av Per Johnson

Da jeg begynte på Svalbard, satte den siste generasjon virkelige fangstmenn ennå sitt preg på bybildet i Tromsø. Mine kamerater og jeg hadde alt å lære. Vi tilegnet oss informasjon og beretninger om fangstlivet med en interesse og en intensitet som gjorde at det sitter i hukommelsen for livet. Jeg føler at jeg ved å skrive om fangstlivet på denne til en viss grad er med på å videreføre arven fra veteranene.

Fangstfolk som skal overvintrie og leve i ett år uten å kunne fornye sine forsyninger, må være selvhjulpne. Alt fra å reparere klær og utstyr til husbygging, legekunnskap, børsereparasjoner og brødbaking. Sjøen må mestres. Ikke minst kreves en skarp observasjonsevne, handlekraft og orienteringssans.

De fleste fangstfolk ble sett på som eventyrere og enstøinger. Kampen mot mørketid og ensomhet formet dem sammen med vandringen mellom selvkudd og regefeller. De fleste av dem var fattige slitere som reiste nordover fra dårlige kår med et intenst håp om den virkelig stor fangsten. Då jeg dro avgårde, var det ikke som en nødvendighet for livets opphold. Det var ønsket om frihet og uavhengighet som var drivkraften. Om det var et element av eventyrlyst, så er det vel ikke noe negativt i det?

Jeg stiller meg ikke bak bladet Vi Menns macho-modell av en fangstmann. Det var først og fremst et interessant, koselig og gammeldags liv med et enestående godt kameratskap. Aldri runget latteren slik i fangsthytta som når vi hørte dagsnytt fra Tromsø på langbølgen. Dramatiske nyheter som 0,2 prosents arbeidsløshet eller 10 øres oppgang på skatten førte til begeistrete lattersalver. Vi hadde nok av og til en følelse av at verdens sentrum lå på østsiden av Spitsbergen, 400 km fra nærmeste nabo.

Høst.

Hyttene ligger der med sine historier. Hva har hendt, hvem har bygget dem, hvilke gleder og sorger har funnet sted innenfor de værslitte, skakke og grå veggene?

Havet er fortsatt isfritt. Høsten er sur og grå. Det skifter fra regn til snø og tilbake til regn igjen. Vekslingen fra stille til storm tar ikke mange timene. Et tungsinngig bølgebrøl uten opphold. En dønning så tung at det er uråd å nærme seg fjæra. Omsider stilner dønningen gradvis. Et og annet isflak kommer seilende nordfra. På noen av dem ser vi bjørn. Nå er ikke bjørnebakken langt unna. Det gjelder å lokke bjørnen i land. På fangstmanns vis henger vi et spekkstykke i en streng ned i pipa.



Isbjørn-binne med to vaksne ongar. Foto: Per Johnson

Om kveldene arbeider vi i lyset fra petromaxen. Vi syr hundeseler, bukser, sokker og votter av skinn. Bereder sel og reinskinn. Remseer av hunde- og bjørneskinn blir brukt til tetting mot snøføyke rundt støvleskaft og håndledd. Nye sleder blir laget. Sledekasser og sledeposer blir laget og fylt opp. Hammerslag synger utover øya i høstmørket. Regefeller og selvkuddskasser blir laget og utprøvd.

Store rekvedstokker settes på ende i bakken der selvkuddene skal stå. Før frosten setter seg i bakken, må stein til regefellene legges opp i hauger slik at de ikke fryser fast. Ved settes i reis langs alle strender. Alltid på høydedrag sli at snøen fyker unna.

Til slutt kan vi se vinteren trygt i møte. Proviant,

ved og hundemat i hus. Alt som er lagret utendørs, er plassert slik at en kan få tak i det når snøen kommer.

Mørketid.

Holder rede på månefasene. Store tidevannsforskjeller krever spesiell aktsomhet under ferdsel på fastisen. Når de innefrosne breisene letter fra bunner på stor flo, kan deler av isdekket i et sund eller en fjord brekke av og drive til havs. Ofte hører vi isen skru mot landet på Nordøya, som et fjern ekspresstog som dundrer gjennom mørket.

Fra dagboka: 17. november 1969.

I dag datt endelig den første bjørnen! Den lå på et selvkudd ved den gamle russehytta. Skal si det er etefest i kveld. Bikkjene ligger på ryggen i uvett, stappfulle av bjørnekjøtt. Selv har jeg koka en kjempegrøte. Det er godt for moralen at det endelig ble en bjørn.


Det er fortsatt mye vann mellom flakene. Liksom ikke den rette typen bjørneis. Ovnens rødglødende og står nærmest og hopper. Full av bjørnespekk og rekved. Alt vel.



Sjølvskotkasse på halvmåneøya. Foto: Per Johnson

Fra dagboka: 10. desember 1969. (På bistasjonen).

Hadde tatt peiling på en dal som jeg såvvidt kunne skimte konturene av i mørket. Hytta skulle ligge litt sør for den. Omsider vokste hytta fram i en snøbleik skråning under svarte fjell. En skrøpelig, skakk liten bu. Men et paradis for en sliten kar. Hadde litt av en tørn med å grave meg inn. Hele sørveggen var dekket av enn fonn som lå helt inn til mønet. Selv om hytta er nådd etter en stri tur, er det mye å gjøre før en kan tenke på seg sjøl. Først må en finne feste for den lange hundekjettingen. Så skal selene av og hundene bindes på sine faste plasser. Steinfrosset kjøtt hogges opp og fordeles. Proviantkasse og sovepose i hus. Endelig kan en sette i gang med å smelte snø. Brase og steike en panne breddfull med kjøtt. Å sette til livs et slikt kraftig måltid etter å ha sjauet med sleden, jaktet og løpt hele dagen igjennom! Etterpå ligge å dra seg i en varm sovepose. Kose seg med pipa og kaffekoppen.



Forfattaren ved peisen i hovudhytta på Halvmåneøya. Foto: Per Johnson

La tankene vandre mens båtovnen durer så røret er rødt over taket. I disse små hyttene kan en ved å strekke hånden ut, nå alt innenfor de fire

veggene. Ligge på køya og fyre i ovnen. Det er et bilde på hvor ubeskrivelig godt et menneske kan ha det. Et sammenligningsgrunnlag en har med seg resten av livet.



*Hytta på Tjuvøya då dei kom med «Signalhorn» i august 1964, etter og ha stått tom i 10 år.
Foto: Per Johnson*

Fra dagboka: 15. desember 1969.

Sørvest storm og mildvær. Jeg hadde nettopp sittet på vedkassa ved kjøkkenkomfyren med kaffekoppen og hørt NRKs Amerikakorrespondent lese dagens forside av The New York Times på radio. Nå var jeg på vei nordover øya i mildvær og tjukk tåke. Svart som i en kullkjeller. Det meste av snøen var tint bort. Blank hålke og sterkt vind gjorde det vanskelig å føte seg. Ved det ytterste selvkuddet vest for tangen lå det en stor ettårs bjørnunge. Hørte binna brøle og bure ute i mørket, men det var umulig i støyen fra vinden å bestemme retningen. Jeg stod der og så meg usikkert om. Plutselig var hun der. I lange, vinnende byks kom hun inn i lyset fra hodelykta. Jeg er virkelig alarmert. I ytterste beredskap, men vindkastene slår børsa ut av stilling. I den smale lyskjeglen ser jeg binna komme rett på i stor fart. Hører klørne skrape i isen. Nå gjelder det ikke å skyte for tidlig.

Så braker skuddet. Binna setter i et voldsomt brøl og faller sammen. Kommer rutsjende forbi på hålka og blir liggende flere meter bak meg. Det var en skremmende opplevelse. Godt å være hjemme på vedkassa igjen.

Fra dagboka: 21. desember 1969.

Ja, i kveld har jeg det godt. I årets lengste natt sitter jeg attmed med tømmerbordet med god fyr på pipa, øl og dram. Lyset fra ovnstrekken flakker over hyttas vegger. Leser Fønhus: «I hine hårde dager». Hytta skaker i vindkulene. Parafinlampa dingler i jernkroken sin. Til kvelds var det en tykk indrefilet av bjørn banket på hoggestabben. Med ristet brød, smør, løk og pepper. I et førjulsprogram på radio hørte jeg en gammel dame fra Bodø-traktene fortelle at i hennes barndomshjem kokte de alltid alle veikene fra parafinlampene før jul. Dette var fast tradisjon for å få bedre lys i lampene. Ja, den ideen tente jeg på. Alle hyttas veiker havnet i en blikkboks på ovnen. Jeg ble opptatt med ett eller annet ute. Da jeg kom inn, var boksen kokt tørr. Veikene var svidd og ødelagt.



Hytta i Tjuvfjorden, bygt av Henry Rudi i 1947.

Resten av vinteren måtte jeg bruke korte, utbrrente veiker forlenget med tjukke ulltråder. Jeg skriver også i dagboka om et minne fra Ølhallen i Tromsø fra midt på 1960-tallet. Jeg ble presentert for gamle Henry Rudi. Da han fikk høre at jeg kom rett fra fangsthytta i Tjuvfjorden som han hadde bygget i 1947, ble han pratsom og hyggelig. Jeg så virkelig glimtet i øyet på ham. Han gav meg en oppskrift på tilbereding av gammelsaltet sauekjøtt. Det gikk jo gjetord i Tromsø om hvordan skipshandlere prakket anløpt sauekjøtt på sjøfolk og overvintrere. «Jo», sa Rudi, «du har sauekjøttet oppi en passelig gryte, ha på vatten og sett gryta på omnen. Så har du en knyttnevestor Stein

opp i lag med kjøttet. Det hele kokes til gaffelen går lett inn i steinen. Så hiver du ut kjøttet og eter steinen». Jeg gjør i dagboka også et stort nummer av at NRK-medarbeideren som besøkte Nordøyan fyr, var helt rystet over at fyrvokteren og hans assistent skulle feire jula helt alene på det ensomme stedet. Jo, da fikk jeg vann på mølla.


Dagboka: Nyttårsaften 1970.

Barberte med med et gammelt blad som jeg slipte på kanten av et glass. Sitter nå i min gode kubbestol med kveik på pipa. Sterk kaffe. Hører himmelske toner på radioen fra de himmelstrøk hvor mennesker omgås. Mitt sinn er overmåte tilfreds, føler en indre ro som ingen kan ta fra meg. Ser i dagboka fra 1964-65 at vi hadde full storm på nyttårsaften. I kveld er det helt stille. Jeg slår av radioen og tenner et kubbelys. Den eneste lyd som høres er blyantens krassing mot papiret. En makeløs middag. Indrefilet av ung bjørn, Med dillsmør. Hermetiske pærer med krem laget av Viking Melk. Det er forresten et fangstmannknekp å lage den kremen. Det er ikke nok å piske. Du må stå ute i kulden med produksjonen.

av Selma Lagerløf.

Dagboka: Bjørnejakt 10. januar 1970.

En bjørn lå tilsynelatende livlös ved et selvskudd sør på øya. Jeg nærmet meg forsiktig. Voktet godt på hvor jeg satte beina. Plutselig var den i fullt sprang rett mot meg. Skuddet smalt, men i stedet for å falle død om slik jeg hadde ventet, skjøt bjørnen rett i været i sin fulle lengde. Den falt ned på et halvmetertjukt isflak som sto på skrå opp i fjæra. Bjørnen angrep flaket med et ubeskrivelig raseri, og slo det i småbiter. Brølte som en avsindig. Det var en undertone i brølene som fikk håret til å reise seg. Det var som om den rev sin verste fiende i stykker. Snø og isbiter virvlet i det matte lyset fra hodelykta. Jeg ventet å ha den over meg hvert øyeblikk for den hadde sett meg da jeg fyrte av og visste hvor jeg var. Å få inn et godt skudd, var ikke lett på grunne av mørket og de voldsomme bevegelsene. Men gradvis begynte blodtapet å gjøre seg gjeldende. Brølene ble svakere. Til sist lå den bare der. Men aldri har jeg sett slike kramper som da jeg flådde det dyret.



Eskiomoslede av grønlandstypen, sjølvbygd.

Ja, nå var det midnatt. Jeg rusler ut på trammen og smeller av et par skudd. Det gir ikke engang ekko i snøtjukka. Leser «Gøsta Berlings saga»

Til slutt vil jeg gjerne si at der er vanskelig å koke ned et så omfattende stoff til noen få sitater. Jeg håper likevel at leserne får et visst inntrykk av hvordan en slik overvintring artet

seg. En fangstovervintring i et godt bjørneterreng var en tung jobb. Det meste av kjøttet måtte kjøres hjem til stasjonen. Det gikk ca 10 000 kg bjørnekjøtt til hundemat gjennom en lang vinter. Jeg gikk engang gjennom dagboka. Fant ut at vi hadde gått 5 000 km i løpet av en vinter. Det høres jo ganske respektabelt ut. Alle bjørneskinn ble gravet ned i skavlen i le av hovedstasjonen. Der ble de liggende under tjukke snølag fram til mai eller juni. Når temperaturen ble over null dag og natt, grov vi opp 10 skinn i slengen til tining. De ble så spekket og lakesaltet i hundreliters tretønner.



Per Johnson og Odd Lønø julafstan 1964. Foto: Per Johnson

Litt meir i tilknyting til «Polarfangst»

Av Magnus Sefland

Filmen: I ei tidlegare utgåve av Isflaket hadde redaktør Finn Sindre Eliassen ein omtale av filmen '*Polarfangst – de siste selfangere*', ein dokumentarfilm frå 1996, laga av Knut Skoglund og Svein Andersen. Dei to som stod bak filmen er ukjende for meg. Men eg hugsar å ha sett filmen på fjernsyn ein gong, kanskje ikkje så lenge etter at filmen vart laga.

Det som eg hugsar best frå filmen, var vekslinga mellom arbeid med sauene heime på garden i Troms og arbeid på isen og om bord i skuta under selfangst i Vestisen. I begge tilfelle måtte dyr avlivast. Dyr må avlivast, anten det gjeld hamburger frå kiosken på hjørnet eller reinsdyrmedaljong i ein fin slottsmiddag. Ikkje

alle ser samanhengen mellom maten vi et og avliving av dyr. Slik eg hugsar filmen, verka han som eit forsvar for at dyr må avlivast for å kunne bli mat for folk. Vekslinga mellom sauveal i Troms og selfangst i Vestisen fekk fram hovudpoenget på ein effektiv måte.



«*Polarfangst*», Paul Stark på baugen. Foto: Johannes Alme

Skuta: Ordet 'Polarfangst' i tittelen på filmen har i dette tilfellet ein dobbel botn. Ordet 'Polarfangst' dekkjer naturlegvis omgrepet selfangst. Men 'Polarfangst' var også namnet på skuta som filmprodusentane var med til Vestisen. Denne skuta vart bygt av stål ved Liaaen MV i Ålesund og vart levert som 'Jan Mayen' til Koppernæs-reiarlaget i Ålesund i 1958. I 1969 vart skuta selt til Lars Jakobsen P/R i Tromsø og fekk namnet 'Heimen I'. I 1981 vart skuta selt vidare til den kjende ishavsskipper og reiar Paul Stark i Tromsø. Han gav skuta namnet 'Polarfangst'. (Året før forliste Stark si førre 'Polarfangst', - treskuta som var identisk med den tidlegare 'Sjannøy' av Ulsteinvik).

Paul Stark hadde stålskuta 'Polarfangst' til 1998. Det var altså ein gong i tidsrommet 1981 - 1996 filmmakarane var med skuta på selfangst i Vestisen.

Seinare hadde Kraknes Havfiske AS i Tromsø hand om skuta, framleis med namnet 'Polarfangst'. I 1999 var skuta gjennom ei stor ombygging og modernisering i Gdynia i Polen. Etter det fekk skuta namnet 'Kvitungen' og vart den fjerde norske ishavsskuta som bar det namnet.

'Kvitungen' er registrert i Tromsø. Men skuta

representerar også det aller siste av aktiv selfangst frå Sunnmøre til nå ved at dei unge brandalingane Espen Brandal og Kristoffer Brandal var med skuta på selfangst i Vestisen så sein som i 2009. Den turen resulterte i ein ny runde med mediastøy om dei etiske sidene ved selfangst. Kor rettkomen den framsette kritikken var, skal eg passe meg vel for å meine noko om. Men det var neppe dei unge brandalingane som gav ammunisjon til kritikarane. Dei to er begge selfangarar i femte generasjon og har ein lang og stolt slekts- og bygdetradisjon å hegne om.

Den lamme isbjørnen: I 1998 besøkte eg Tromsø og fekk høve til ein prat med ishavsskipper Paul Stark. Samtalen gjekk føre seg i messa på 'Polarboy' – identisk med stålskuta 'Polaris' som tidlegare hørde heime i Brandal. Stark fortalte då ei historie frå den tida han hadde 'Polarfangst', skuta som vart presentert i filmen.



«Polaris»

'Polarfangst' var i Vestisen og såg ut til å måtte avslutte fangsten utan å ha tatt heile kvoten. Derfor gjekk dei frå Vestisen og austover, for - om mogleg - å etterfylle noko av det dei mangla på full kvote. Dei kom inn i området der regelverket for Svalbard gjeld, ein stad mellom Bjørnøya og Spitsbergen. Skuta kom fram til eit isflak der det sat ein isbjørn. Stark let skuta sige sakte og stilt fram langs sida av isflaket. Dette

for å kunne studere det majestetiske dyret på nært hold i fred og ro. Skuta vart liggande der, og etter kvart oppdaga dei frå skuta at bjørnen ikkje kunne gå på alle fire labbane. Bjørnen aka seg framover med framlabbanen og slepte den tilsynelatande livlause bakkroppen etter seg.

Karane på 'Polarfangst' tok seg tid til å observere dyret. Dei forstod at bjørnen var lam i bakkroppen, hjelpelaus og kunne ikkje skaffe seg føde ved eiga jakt. Kva som kunne ha hendt med bjørnen, kunne dei berre spekulere på. Bjørnen kunne ha vorte skadd i kamp med ein annan bjørn. Eller han kunne ha fått skade ved å ha kome i klem i isskruing. Eller eit kvart anna. Utan å kunne jakte på normal måte var det klart at bjørnen var dømt til å lide sveltedøden i sin hjelpelause tilstand.

Stark og mannskapet hans ville helst avlive bjørnen, fort og effektivt, og spare han for sveltedøden. Dei hadde våpna som trongst om bord. Dei hadde også frysekapasitet til å fryse ned bjørneskrotten rund og levere den til politiet og veterinærstyremaktene med det same skuta kom til Tromsø. Det stod berre om å få løyve til å avlive bjørnen.

Stark tok kontakt med sysselmannen på Svalbard over radio. Der forstod dei situasjonen godt. Men dei måtte konferere med styremaktene på sentralt hald på fastlandet om dei hadde høve til å gi løyve til avlivning. Denne kontakten gjekk føre seg medan 'Polarfangst' låg ved isflaket med den hjelpelause bjørnen.

Det gjekk fleire timer før sysselmannsfolka hadde fått dei avgjerande instruksane frå fastlandet. Frå sysselmannsfolka kom til slutt melding på radioen til 'Polarfangst': sjølv ikkje eit alvorleg skadd dyr kunne avlivast. Naturen måtte få gå sin gang uforstyrra, på både godt og vondt. I fredinga sitt namn måtte det skadde dyret overlatast til seg sjølv og sveltedøden. Skipper Paul Stark og 'Polarfangst' hadde ikkje noko anna å gjere enn forlate staden. Var det nokon som skulda selfangarane for dyrplageri?

Årsmøte i Norsk Forening for Fartøyvern 2010

Av Magnus Sefland

Ei helg i oktober 2010 avvikla Norsk Forening for Fartøyvern årsmøte på Oscarsborg festning i Drøbaksundet. Medlemer i organisasjonen er fartøya – ikkje einskildpersonar. Medlemsfartøy frå Sunnmøre er dampbåten 'Thorolf', shetlandskutteren 'Heland', havfiskebåten 'Hindholmen' og ishavsskuta 'Aarvak'. Tre ishavsskuter er medlemer i organisasjonen: den galeasrigga jakta 'Berntine' (ex 'Havnøy') frå 1890, 'Aarvak' frå 1912 og 'Polstjerna' frå 1949.



«Polstjerna» i flott hus i Tromsø. Foto; Willy Nesset.

Så vidt vi veit er 'Berntine' det eldste ishavsfartøyet som har deltatt i kommersiell ishavsfangst og som framleis flyt og seglar. Som så mange jakter vart 'Berntine' omrigga til motorjakt og frakteskute. I frakteskutetida hadde skuta namnet 'Havnøy'. Ved verning og vidare omrigging til galeas fekk skuta tilbake det gamle namnet 'Berntine'.

Til årsmøtet i 2010 var eg utsending for 'Aarvak'. Årsmøta sirkulerar mellom eigna møtestader i ulike landsdeler. I 1992 vart årsmøtet avvikla på Hareid, med Henrik Landmark og Ishavsmuseet som lokal tilskipar. Ved det høvet gjekk dei nemnde veteranfartøya frå Sunnmøre i kortesje med landsmøteutsendingar frå Ålesund til Hareid. 'Aarvak' gjorde den gong ein ekstra sving langs

land i Brandal.

Litt om Oscarsborg festning: Dei første forsvarsinstallasjonane i Drøbaksundet kom på 1600-talet. På den tid var Norge i union med Danmark. Sverige var den nærmeste tenkjelege fiende for Norge. Topografien i området ligg vel til rette for eit anlegg til forsvar av det dåverande Christiania, i ei tid då innstrengjarar måtte kome anten sjøvegen eller landevegen til fots eller med hest.

Midt på 1800-talet starta ei meir omfattande utbygging av forsvarsanlegget. Festninga sine installasjonar omfatta både Søndre og Nordre Kaholmen. Festninga fekk namnet Oscarsborg etter kong Oscar I, etter at kongen besøkte festninga i 1850-åra.

Sett utanfrå er fortet på Søndre Kaholmen den dominante del av det samla festningsverket, med fronten og det tunge skytset vendt ut Oslofjorden sørover. Frå Søndre Kaholmen er også bygt ein undersjøisk molo (jeté) til Hurum-sida av sundet. Det gjer at all båttrafikk av noko storleik blir leidd gjennom den austre del av sundet, mellom Kaholmane og Drøbak. Også på Drøbak-sida var det innretta skyts som del av festningsverket, dei såkalla Husvik- og Kopåsbatteria.

Det som ikke var så godt synleg, var torpedobatteriet på Nordre Kaholmen. Batteriet var bygt inn i fjellet og hadde utskyting av torpedoane under havflata. Det var torpedoar frå dette batteriet som gav den tyske kryssaren 'Blücher' den avgjerande støyten på morgonsida 9. april 1940. 'Blücher' vart sett ut av spel og seig vidare mot Askholmane litt lenger nord i sundet, før fartøyet gjekk ned, med tap av fleire hundre tyske liv. Som kjent vart det som hende ved Oscarsborg avgjerande for at kongefamilien og dei politiske styresmaktene kom seg ut av Oslo og var i stand til å leie kampen mot okkupasjonsmakta vidare.

Etter tusenårsskiftet er der ingen eigentleg militær aktivitet igjen på Oscarsborg, og festninga er stilt til rådvelde for sivile formål. Kvar sommar blir det skipa til operaforestillingar utandørs inne i borggården i fortet. Mange av installasjonane i festninga er ombygt til museum, restaurant, spa og

konferansehotell.

Regulær trafikk til Oscarsborg går med ferje frå Drøbak. Fartøyet er først og fremst ei passasjerferje, men likevel med plass til eit par av hotellet og militæret sine eigne køyretøy. Ordinære gjester må parkere bilar i Drøbak, blant anna i eit område der det tidlegare var skyts som del av det samla festningverket i Drøbaksundet.

Årsmøtet: Til årsmøtet kom mange av møtedeltakarane med den verna dampbåten 'Børøysund' (frå 1908) frå Oslo. Ein fekk då ein tydeleg demonstrasjon av spennvida i historia om norsk og nordisk skipsfart. Då 'Børøysund' la til kai på vestsida av Søndre Kaholmen, gjekk den moderne danskebåten 'Pearl of Scandinavia' gjennom sundet på andre sida av holmen med kurs for København. Elles kom fleire av møtedeltakarane med eigne båtar frå Oslo, m. a. den tidlegare redningsskøyta 'Idun'.

Årsmøtet gjekk med til vanlege årsmøtesaker som årsmelding, reknskap, opptak av nye medlemsfartøy, val og strategi for vidare arbeid i organisasjonen. Eitt tema i diskusjonen var korleis dei ulike fartøyprosjekta kan rekruttere nye dugnadsfolk og – ikkje minst – kva prosjekta bør legge vekt på for å inkludere folk og behalde dei i dugnadsgjengane.

Eit vanskeleg punkt på saklista var korleis organisasjonen skulle stille seg til medlemssøknader frå utanlandske fartøy. Ein viktig del av organisasjonen sitt arbeid er å fremje medlemsfartøya sine interesser overfor norske styresmakter. På årsmøtet var det ulike meininger om kva ansvar organisasjonen evt vil få overfor utanlandske fartøy som medlemer i organisasjonen. Skal utanlandske fartøy få fulle rettar i organisasjonen og konkurrere med norske fartøy om norske løyvingar til fartøyvern – eller bør utanlandske fartøy få ei form for B-prega medlemskap, der dei er utestengt frå norske offentlege løyvingar? Saka gjekk til vidare handsaming i styret.

Vala gav organisasjonen ny leiing. Av arbeidsmessige grunnar kunne ikkje mangeårig leiari Kai Jensen halde fram. Ny leiari vart Jan Welde frå Karmøy/Stavanger, ny nestleiar vart

Eilif Gabrielsen frå Harstad.

Med Jan Welde har organisasjonen fått ein leiari som fører eit uvanleg klart og tydeleg språk. Etter eiga utsegn har han eit 'handicap', nemleg at han seier rett ut det han meinar. I organisasjonen representerar Welde den isgåande, tidlegare svenske, redningskryssaren 'Poseidon II'. Eigar av båten er Baatskolen Poseidon ved Jan Welde. Båten blir brukt som skuleskip og i kultuformidling.



«*Poseidon II*» ex «*Minna*» Foto: Arne M. Breiteig

På Sunnmøre – ikkje minst i Hareid og Brandal – vil sikkert mange kunne nikke gjenkjennande til 'Poseidon II'. I 2006 heitte båten 'Minna' og vart brukt til ein ekspedisjon til Nordaust-Grønland, organisert av Ole-Christen Røren frå Brandal.

Nestleiar Eilif Gabrielsen representerar skonnerten 'Anna Rogde', som er heimehøyrande i Harstad. Til vanleg seglar Gabrielsen som styrmann på eit offshorefartøy.

Jubileum: I 2010 kunne Norsk Forening for Fartøyvern feire 25-årsjubileum. Skiping av organisasjonen vart førebudd i eit møte av interesserte fartøyvernalar på Isegran i Fredrikstad i 1984.

Den formelle skipinga av organisasjonen gjekk føre seg om bord i det tidlegare hurtigruteskipet 'Håkon Jarl' i Oslo i juni 1985. 'Håkon Jarl' var då tatt ut av hurtigrutedrifta og gjorde teneste som hotellskip i Oslo.

25-årsjubileet vart feira med ein jubileumsmiddag i stilige omgivnader i festsalane i fortet på Oscarsborg. Det vanka

gåver, helsingar og underhaldningsinnslag, slik det høver seg ved slike jubileum.

To av deltakarane frå Håkon Jarl-møtet i Oslo i 1985 var på plass også ved årsmøtet og jubileumsmiddagen i 2010. Dei to var Freddy Larsen frå Brevik og Knut von Trepka frå Oslo. Freddy Larsen representerte sitt eige fartøy, segljakta 'Skreien'. Knut von Trepka representerte redningsskøyta 'Colin Archer'. Eigar av 'Colin Archer' er Norsk Maritimt Museum (tidlegare Norsk Sjøfartsmuseum). Fartøyet blir verna av Seilskøyteklubben Colin Archer.

Omvising: Årsmøtehelga vart avslutta med omvising på festningsanlegget på Oscarsborg. Omvisar var kommandørkaptein Tor Hovland, som sjølv har vore kommandant på festninga.

Hovland viste årsmøtedeltakarane rundt på festninga og forklarte med militær presisjon hovudtrekka i festninga si historie. For meg gjorde besøket i torpedobatteriet på Nordre Kaholmen – torpedobatteriet som sette 'Blücher' endeleg ut av spel – eit særleg sterkt inntrykk. Og i framstillinga si teikna Hovland eit bilde av oberst Birger Eriksen – kommandanten på festninga i april 1940 – som ein rakryggja, lojal og handlekraftig offiser. Omvisinga runda på ein fin måte av ei innhaldsrik årsmøtehelg.



Dyrefella på Edgeøya

Om ei dramatisk isbjørnjakt.

Av Per Johnson

Vinteren 1964-65 lå jeg på fangst i Tjuvfjorden på Edgeøya sammen med en kamerat. I mai var bjørnefangsten for det meste over. Vi ventet bare på mildt vær slik at vi kunne sette i gang med den store jobben: spekking og salting av fangsten på 84 isbjørn.

Jeg hadde trang til avveksling, to mann i en hytte på 10 kvadratmeter en hel, lang vinter blir ganske trangt. Jeg tok derfor bikkjene, telt, primus og sovepose og la i vei nordover i det

herligste vårvær.

Jeg hadde passert Kvalpynten og omrent der Diskobukta begynner, fikk jeg se spor etter en binne med to årsunger. Hundespannet ble bundet nede på isen og jeg fulgte sporet til fots. Sporet gikk rett mot land og opp mellom noen lave kystfjell.



Hytta i Tjuvfjorden. Fofattaren inntar kjøtmåltid. Foto: Per Johnson

Etter en times tid dreide faret etter bjørnene sydover. Derfra hadde dyrene lagt kursen ned gjennom et trangt dalføre som ledet tilbake mot kysten. Dalen ble mer og mer som et juv. Sporene viste tydelig at bjørnefamilien hadde satt seg på baken og latt det stå til utfør det bratte, trange juvet. Jeg valgte samme teknikken, satte meg på baken og rauset etter. For å bremse litt på farten, satte jeg børsekolben i den steinharde snøen. Etter en stund syntes jeg at farten ble lovlig stor og terrenget brattere. Men et raskt blick framover, viste at juvet gradvis flatet ut lenger nede. - Når bjørnene har klart det, må vel jeg også klare det, tenkte jeg med et overmot som hørte den unge alder til.

Plutselig åpnet det seg et stort, svart svelg i slukten rett foran bena mine. Jeg heiv meg på børsekolben og klarte å stoppe den ville farten. Der satt jeg i brathenget helt ute på kanten av hølet. Jeg torde omrent ikke trekke pusten.

Så lurte jeg uhyre forsiktig fram tollekniven og klarte å hakke meg et feste. Nå var den verste

faren over, og jeg begynte å vurdere situasjonen, Jeg forstod snart at jeg var kommet ned til en dal fylt av evig is. Sommertid hadde det nok rent en elv her som hadde tatt veien ned gjennom isen og under den.



Bjørnefella fotografert nedanfrå. Foto: Per Johnson

Sakte men sikkert hogget jeg trinn for trinn med kniven. Og jeg kom meg etterhvert opp der hellingen var så slakk at jeg kunne reise meg. Når jeg var i trygghet, begynte jeg å undres på hvordan det var gått med bjørnene. Jeg gjorde en omgående manøver og kom opp mot brehølet fra nedsiden (se bilde tatt på stedet). I den urørte snøflaten var det ingen tegn til at dyrene hadde berget seg. De hadde nok endt sine dager i denne uhyggelige, men naturlige dyrefella. Jeg heiv en stein i hålet. Det tok rystende lang tid før jeg hørte et duns der nede fra underverdenen.

Skal tro om fella fortsatt står der med åpent svelg?

Boken - biografien- om Helge Ingstad, forfatter Frode Skarstein.

Av Ivar Ytreland

Høsten 2010 kom Skarstein med sin bok "HELGE INGSTAD – en biografi". Endelig var det en forfatter som turde ta sjansen og skrive ei bok om vårt nasjonale ikon Helge Ingstad. Det har blitt en sterk og til dels kritisk bok hvor et stort, og for


mange, et nytt kildemateriale er hentet fram av forfatteren og vurdert.

Den som hadde ventet seg en spennende og romanlignende bok, vil nok bli skuffet. Det som dominerer boken er Ingstad's utrolige og iherdige arbeid med å finne de konkrete sporene etter den norrøne oppdagelsen av Amerika. Å finne ei nål i en høystakk er nok en enklere oppgave. Heldigvis lyktes for Ingstad og hans kone arkeologen Anne Stine Ingstad å finne de konkrete sporene etter de norrøne vikingers bosetning på New Foundland i Amerika.

Skarstein går rett inn debattene og kritikkene mellom forskerne av ulik nasjonalitet og Helge og Anne Stine Ingstad – det ble ei tung bør å bære for familien Ingstad. Igjen viser det seg hvor viktig det er med et grundig kildemateriale, og igjen har forfatteren reist land og strand nordkalotten rundt for å framskaffe best mulig kildegrunnlag.

Debatten og kritikken er allerede godt i gang i media. Men fundet av den norrøne bosettingen i Amerika ca.500 år før Columbus står nå helt klart fram takket være Helge og Anne Stine Ingstad's iherdige innsats.

Boken gir også et godt bilde av Helge Ingstad's



barn- og ungdom og oppvekst og et godt streif av hans eventyrlige liv. Helge Ingstad ble over ett hundre år gammel og levde i faktisk 3 århundrer dvs, 1800, 1900 og 2000. Det er ennå mye som skrives om ham og forhåpentlig vil det nå komme flere bøker om Ingstad. Kanskje også av Skarstein?



Tekst og bilde: Gunnar Wiik

Flott ishavskveld

Nærare 100 var møtt fram for å få med seg ishavskvelden på Brandal, der publikum fekk høre fleire spennande historier.

Ulf Prytz er ein eventyrar som har vore i nærbidrag med naturen i heile sitt vaksne liv. Han kjenner seg meir som fjellmann enn som sjøulk. Men etter ein gong å ha fått smaken på segling, var det nettopp eit slikt eventyr han drøymde om då han blei ramma av alvorleg sjukdom for nokre år sidan. Etter å ha vunne mot kreften skulle draumen realiserast - segltur med eigen båt til Nordaust-Svalbard. Og draumen gjekk i oppfylling.



Ulf Prytz med foredrag under ishavskvelden.

Tidlegare merittar i livet vart nesten ubetydeleg

for Prytz, då han kom tilbake til Svalbard - på eigen kjøl, så og seie - der han tidlegare hadde drive med guida turar og turisme. No gjekk han heilt opp til drivisen og publikum såg av bilda at dette ikkje var ein tur for pyser. Dei spektakulære bilda i kombinasjon med den audmjuke forteljaren var ishavskveldens høgdepunkt.

- Eg har stor respekt for alle frå Brandal – dei er eventyrar heile gjengen, uttrykte Ptytz.

Harald Knutsen, ein kjær venn av Ishavsmuseet, fortalte om ”7de Juni” og eit oppdrag denne skuta etter kvart fekk i samband med ein dansk ekspedisjon, ”Alabama”-ekspedisjonen, som hadde gått gale. Det endte med at Vebjørn Landmark - skipper på ”7de Juni” (for øvrig broren til bestefaren til navnebror Vebjørn Landmark som i dag driv ishavsmuseet) - fekk den danske kongens fortenestemedalje i sølv for innsatsen. Skuta hans la ut 20. juli 1910 og kom tilbake 19. august 2010. Det var ein særslig dramatisk tur, der det meste av det unge mannskapet blei sjuke og kjempa for livet. Ikkje alle kom tilbake med livet i behald.



Harald Knutsen prata om eit 100 års minne.

Sidan det i haust er 100 år sidan denne hendinga, kan ein lese fyldig omtale i det seinaste nummeret av Isflaket.

Ishavskvelden står enno klippefast som eitt av det årevisse Hareidsstemna sine faste innslag. Stemnegeral Arild Grimstad takka Vebjørn Landmark for endå eit flott arrangement. Og museet har etter kvart fått si eiga samling av bildekunst som har blitt gitt som takk for nettopp desse bidraga.

- Vi har god tru på at den blir mykje verdt med tida, smilte Webjørn, sjølv takksam for at Ishavsmuseet Aarvak får ta del i Hareidsstemna med sitt eige arrangement.



Webjørn Landmark og Arild Grimstad (th.)



Innlandsungdom på kvalfangst: - Nokre inntrykk frå veteran treff for tidlegare kvalfangarar i Gjøvik. – Og litt til.

Av Magnus Sefland

Ein laurdag i august 2010 vart det skipa til treff for tidlegare kvalfangarar frå innlandsfylka i Gjøvik. Her skal vi gi nokre spreidde inntrykk frå eit besøk på treffet.

Kvalfangarar frå innlandet: Kvalfangartreff i



Frå kvalfangartreffet ved Skibladnerkaia i Gjøvik. Til venstre i forgrunnen ser ein badeyret i kvalfasong. Det hadde høvt bra om vasspruten i bakgrunnen hadde vore ein kvalblåst. Men vasspruten er frå ei flytande fontene som var gāve frå forretningsstanden i Gjøvik til Skibladner ved båten sitt 150-årsjubileum i 2006.

Gjøvik - det er vel om lag som å snakke om hamnefogden på Røros. I Mjøsa er det rett nok mykje vatn, og til visse årstider ein del is, men därleg med kval. Somme tider dukkar det opp fenomen så å seie mot alle odds. Så også med alle frå innlandet som vart kvalfangarar – også dei tilsynelatande mot ein del odds. Men berre tilsynelatande. På 1950- og 1960-talet var mange ungdomar frå innlandsfylka på kvalfangst i Sørishavet.

Kvalfangarane som hadde sett seg stemne i Gjøvik, samla seg i fint ettersommarver ved ein stand i hamneområdet, mellom 'Skibladner'-kaia og fabrikkanlegget til Norske Potetindustrier. Av dei tidlegare kvalfangarane var dei aller fleste nå i pensjonistalder. Dei fleste som det her er snakk om, reiste på kvalfangst i Sørishavet i 1950- og 1960-åra, dengong som ungdomar heilt ned til fjorten år. Dei gjorde teneste på kvalbåtar, kokeri og på landstasjonar. Ein del mannskapslister på utstillinga ved treffet i Gjøvik viste også interessante heimeadresser. Adresser på Toten, i Eidsvoll, Stange, Odal, Kongsvinger og områda rundt Skotterud og Magnor (tett ved svenskegrensa mot Charlottenberg) dominerte ein del av listene. Dette var områder utan tilknyting til havet og maritime aktivitetar.

På utstillinga var ein fotostatkopi av Hamar

Arbeiderblad, der arbeidsformidlinga annonserte etter ungdomar til arbeid i underordna funksjonar som dekksgutar, messegutar og maskingutar. På utstillinga var også eit kompendium av ein lokalhistorisk forfattar frå Vinstra-området i Gudbrandsdalen (eg fekk dessverre ikkje med meg namnet) om folk frå Fron-bygdene som hadde vore på kvalfangst. På treffet nemnde veteranar også folk frå Lesja i same samanheng (Eigne observasjonar).

Grunnar til utreise: Kvalfangst i Sørishavet gjekk føre seg i den sørlege sommar, som tilsvarar norsk vinter. Fangarane reiste frå Norge om hausten og kom tilbake neste vår, etter vel eit halvt år ute. For dei som reiste på kvalfangst, var naturleg nok inntekt viktigaste motivering for å reise. Men praten som gjekk blant veteranane gav inntrykk av at der også var eit betydeleg innslag av eventyrlyst blant dei som reiste, kanskje mest hos dei yngre. I tida før sydenturar og langdistanseturisme var turar til sjøs kanskje beste høve for ungdomar til å oppleve fjerne himmelstrøk.

Kvifor såpass mange nettopp frå innlandet reiste på kvalfangst kunne sikkert vere emne for eit grundigare studium. Men om ikkje anna kan ein tenkje seg at kvalfangstsesongane fall i dei norske vintrane, med mindre aktivitet i til dømes jordbruk og bygg og anlegg. Fleire stader på Vestlandet – på Nordvestlandet til dømes Steinshamn i Sandøy kommune - fanst landstasjonar for kvalfangst. Der var det sesong om somrane. Frå desse bygdene kom det einskilde som var kvalfangarar mykje godt på heilårsbasis ved at dei var på kvalfangst på norskekysten i den nordlege sommar og reiste med kvalbåtar og kokeri på fangst i Sørishavet i den sørlege sommar.

Utan å prøve seg på noka grundigare analyse, er det vel mogleg å sjå ein viss parallel til selfangst frå Sunnmøre. Selfangst gjekk føre seg på vårvinteren, ei tid utanom dei travlaste onnene i jordbruk og med mindre aktivitet i bygg og anlegg. Også innan selfangst vart mannskap på skutene rekruttert frå både fjordane og frå dalstrokk som ikkje sokna til sjøen. Mannskapa frå bygdene var vand til slakting på

på gardane: Det var knapt noka ulempe ved flåing av sel og heller ikkje ved flensing av kval.

Sør-Georgia og landstasjonane: Sør-Georgia (i kvalfangarkrinsar oftast kalla Syd-Georgia) er eit britisk oversjøisk territorium. Argentina har gjort krav på øyane, saman med Falklandsøyane. I Falklands-krigen i 1982 gjekk eit par hundre argentinske marinesoldatar i land og heldt Grytviken okkupert nokre veker.

Sør-Georgia utgjer eit areal tilnærma like stort som Alta kommune i Finnmark. Øya er fjellendt, med isbrear og fjelltoppar høgare enn dei som finst på det norske fastlandet. Fallhøgdene og tilgangen på vatn gjorde at kraftforsyning til kvalstasjonar og busetnader vart ordna ved vassmagasin, rørgater og vasskraftverk.

Dei fleste kvalstasjonane på Sør-Georgia vart etablert i viker og fjordarmar på nordaustsida av øya: Strømnes, Prince Olav Harbour, Ocean Harbour, Leith Harbour, Husvik og Grytviken. Namna på stasjonane er i seg sjølv ei underleg blanding av norsk og engelsk. Det seier vel litt om kva nasjonar som gjorde seg gjeldande i pionertida. Dei fleste av stasjonane vart etablert i løpet av første tiåret etter 1900, og dei fleste bukka under i samband med den internasjonale depresjonen på 1930-talet. Berre Grytviken og Leith Harbour greidde seg gjennom depresjonstida. Stasjonen i Grytviken vart etablert av sjøfarar og kvalfangar Carl Anton Larsen frå Vestfold som leiar av eit argentinsk selskap i 1904. Det forkorta namnet C. A. Larsen vart eit omgrep i pionertida. Saman med Leith Harbour var Grytviken i drift til 1965 (Øyas Venner: nettstad; Wikipedia).

I vår tid er der ingen fastbuande på Sør-Georgia. Men britane har nokre få personar stasjonert i Grytviken for vakt og vedlikehald ved dei få bygningane dei har valt å ta vare på. Blant desse er styrarbustaden og kyrkja. Forfallet har for lengst overtatt det meste av industrianlegg og andre installasjonar. Det meste av installasjonane skal visstnok ha vorte sanert i løpet av den seinare tid. Etter at forfallet kom langt nok vart skipsvrak og falleferdig bygningar og installasjonar farlig for dyrelivet på øya. Dessutan skal der ha vore miljøskadeleg

asbest i ein del av installasjonane.

Kyrkja i Grytviken: C. A. Larsen etablerte kvalstasjon i Grytviken i 1904. I 1913 vart kyrkja i Grytviken bygt – sørlegaste kyrkje i verda. Sør-Georgia var eit lite og isolert samfunn, med dårlege kommunikasjonar mellom stasjonane og store avstandar til oversjøiske busetnader. Derfor var det vanskeleg å halde ein permanent prest på staden. Prestar stasjonerte i Grytviken i bolkar, i samarbeid med Den Norske Sjømannsmisjon og den norske sjømannskyrkja i Buenos Aires. Så langt råd var, vart prestetenesta i Grytviken lagt til tider rundt dei store høgtidene jul og påske (Den Norske Sjømannsmisjon 1939).

I vår tid er kyrkja og styrarbustaden dei to best vedlikehaldne bygningane i Grytviken. Styrarbustaden er tatt i bruk som museum for Sør-Georgia og kvalfangsten.

Gravstaden i Grytviken ligg litt avsides i høve til styrarbustaden, kyrkja og alle bygningane på kvalstasjonen som nå er fjerna. På gravstaden er ei særleg kjent grav, nemleg grava til den britiske polarforskaren Sir Ernest Henry Shackleton, som døydde nettopp i Grytviken i 1922 (Uidentifisert veteran: personleg fråsegn). Shackleton døydde i kahytta si om bord i ekspedisjonsfartøyet 'Quest' – identisk med den seinare kjende norske ishavsskuta med same namn. Etter Shackleton sin død vart 'Quest' selt til ny eigar Bodin i Nordland. I samband med ombygging av 'Quest' på 1920-talet vart Shackleton-kahytta tatt vare på i Salten. Kahytta skal etter planen fraktast fra Norge til Grytviken og vernast der i tilknyting til Shackleton si grav og museet i styrarbustaden. (Shackleton-kahytta er omtalt i ei tidlegare utgåve av Isflaket) (Schjelderup-arkivet).

Prestar i Grytviken: I 1912 – før det fanst kyrkje i Grytviken - tilsette C. A. Larsen presten Kristen Løken som 'prest og foredragshaldar'. Ei av foredragsoppgåvene til presten var å halde engelskkurs. Nettopp engelskkurs var nyttig ettersom dei norske fangststasjonane var på britisk område (Meir om Løken seinare).

Sverre Eika vart fødd i Gjerpen (Skien) i 1899 og hadde oppveksten sin der. Han studerte teologi i Kristiania tidleg på 1920-talet. På den tid var han ein framifrå fotballspelar. Han spelte på både Odd i heimbyen og Lyn i Kristiania. I tillegg fekk han også med seg eit par landskamper med det norske flagget på brystet. Eika vart først sjømannsprest i Liverpool, og deretter var han prest i Grytviken i to år rundt 1930. Om prestetenesta hans på Sør-Georgia seier Store Norske Leksikon (nettutgåve) at han '*--- maktet å få personlig kontakt og være til hjelp for nesten hver enkelt av flere hundre hvalfangere ---*'. Han utførte prestetenesta med det som var heller uortodokse metodar i si samtid. Han organiserte dugnader og fekk bygd fotballbaner, og han organiserte fotballkamper. Så vart Eika bedt om å ta eit vikariat som sjømannsprest i Buenos Aires. Der vart han i femten år, med eitt års avbrot i Philadelphia.

Under andre verdskrig gjekk han inn i teneste som prest for dei væpna norske styrkane i England og for den norske sivile kolonien der. I samband med den allierte invasjonen i Normandie i 1944 var han prest for dei norske jagarflygarane. Etter kvart som felttoget bevega seg innover i Frankrike og vidare austover, flytte Eika etter til flyplassar der norske flygarar stasjonerte.

Etter krigen flytte Eika heim til Norge, og der hadde han si siste prestetenesta i Ris kyrkje i Oslo (Store Norske Leksikon: nettutgåve).

Utstilling: Utstillinga i Gjøvik hadde ikkje nokat oversikt over korleis 'innlandsfengarane' fordelte seg på kvalbåtar, kokeri og landstasjonar. Mengda av fotografisk materiale på utstillinga hadde kanskje ei viss overvekt av stoff frå landstasjonane. Blant anna viste fotografia husdyr som griser og storfe. Eit anna trekk: i Grytviken bygde folka på stasjonen hoppbakke med oppbygt kul. Der var også fotografi frå skihopping med det som såg ut til å vere spesialisert utstyr for skihopping. Slikt signaliserar snarare innlandskultur enn kystkultur.



Frå kvalfangartreffet ved Skibladnerkaia i Gjøvik. I forgrunnen ein harpun og ein kvalbarde.

Utstillinga hadde også ein spesiell montasje knytt til presten Kristen Løken, nemnd ovanfor. Han vart seinare prest i Ringsaker i Hedmark. Då kyrkja i Grytviken vart oppussa for nokre år sidan, vart ei kunstferdig teikning av Ringsaker kyrkje med orientering om presten Kristen Løken på både norsk og engelsk gitt som gave til kyrkja i Grytviken.

Men utstillinga i Gjøvik hadde også bra med fotografi frå kvalbåtar og kokeri. Utstillinga hadde også fleire flotte fotografi av den einaste kvalbåt frå antarktisfangst som er verna i Norge, nemleg 'Southern Actor' i Sandefjord.

Autentisk materiale frå kvalfangst var det naturleg nok mindre av. For å fange litt meir interesse blant dei forbipasserande hadde utstillarane med eit oppblåse badedyr, i fasong og farge som ein kval – ikkje akkurat noko autentisk materiale, det! Men eit par kvalbardar var ekte nok, og dei fanga ein del interesse. Det gjorde også harpunen som var utstilt. Besøkande fekk sjølve skrue laus metallholken som utgjorde sjølve granaten. Holken var naturlegvis tom – og utan sprengstoff. Men besøkande kunne sjølve kjenne vekta av holken og gjere

seg sine eigne tankar om korleis det virka når holken vart sprengt i bitar og metallbitane trengde ut i kroppsvevet i kvalen. Utstillinga hadde også ein autentisk flensekniv (Eigne observasjonar).

'Southern Actor': Utstillinga i Gjøvik kunne naturleg nok ikkje vise fram nokon autentisk kvalbåt. Den einaste norske kvalbåt frå Sørishavet verna i si opphavlege form er 'Southern Actor' i Sandefjord. Då det gjekk mot slutten på kvalfangst i Sørishavet, vart mange kvalbåtar ombygt for bruk til andre formål. Ein del av dei vart ombygt til både snurparar og linebåtar. Slike båtar kan for alt vi veit vere i bruk til eitt eller anna framleis. Her tek vi med dei viktigaste faktaopplysningane om 'Southern Actor', - henta frå nettsida til Norsk Forening for Fartøyvern:

'Southern Actor' vart bygt i Middlesbrough i 1950. Båten er på ca 148 ft / ca 430 brt (I storlek tilsvrar dette om lag ishavsskuta 'Polarstar' av Brandal). 'Southern Actor' har ein oljefyrt trippelmaskin på 1800 ihk. Båten vart levert til Chr. Salvesen i Sandefjord. I 1964 vart båten selt til Elling Aarseth til bruk i fangst ved kvalstasjonen på Skjelna i Tromsø. Båten fekk då namnet 'Polarbris 8'. Seinare vart båten selt til Spania, før han vart verna i museumsmiljøet i Sandefjord.

Øyas Venner: Foreininga Øyas Venner vart skipa i Sandefjord i 1997. Formålet med foreininga er å verne norske teknisk-industrielle kulturminne på Sør-Georgia og andre kulturminne i samband med norsk kvalfangst i Sørishavet. Like eins er foreininga også for dei som er særleg interessert i øya sin natur med plante- og dyreliv. Fleire nordiske arter av villdyr var innført til øya i kvalfangstperioden, til dømes rev og reinsdyr. I tillegg kom skadedyr som mus og rotter som rømde frå skip – der var mykje god mat på kvalstasjonane! I vår tid er det berre reinsdyrstammen av dei innførte dyra som lever og trivst. Ein kan vel også gå ut frå at det vart magrare tider for skadedyra etter at det vart slutt på kvalfangsten.

Til Øyas Venner sine oppgåver høyrer også med å heidre minnet om dei som omkom under



Kvalbåten *Southern Actor* ved kai under ei kystkulturstemne i Oslo ein gong på 1990-talet.

kvalfangst: ved arbeidsulykker på fartøy og landstasjonar, ved forlis, og dei som vart gravlagt på Sør-Georgia og dei som vart gravlagt i andre land.

Så langt praktisk mogleg hjelper Øyas Venner til med å finansiere vedlikehald av gravstadane og kyrkja på Sør-Georgia. I november kvart år er Øyas Venner med på å halde ei minnegudsteneste i Sandefjord kyrkje, der dei som miste livet under kvalfangsten blir heidra. Øyas Venner har mellom 300 og 350 medlemer. Dei er spreidd over heile landet – frå Lindesnes til Longyearbyen. På Øyas Venner si nettside heiter det at '--- *I Hedmark og Oppland har vi en særdeles aktiv Innlandsavdeling.* ---'.

Etter 1999 har Øyas Venner skipa til fleire reiser til Sør-Georgia, for totalt meir enn hundre personar. To turar i 1999 markerte at kyrkja i Grytviken var restaurert. Ein tur på nyåret i 2005 markerte at det var hundre år sidan den første kvalfangstsesongen på øya. Foreininga arbeider for å skipe til ein ny tur i januar 2014 for å markere at det då vil vere hundre år sidan kyrkja i Grytviken vart bygt (Øyas Venner: nettside).

I utstillinga i Gjøvik gjekk det også fram at

veteranane i innlandet med visse mellomrom gjorde felles utflukter med turbuss også i Norge. Naturlege turmål er gjerne kvalfangstbyane i Vestfold. Utstillinga hadde ein del fotografi frå slike utflukter. Eitt av fotografa var frå Sandefjord og viste ein kjenning frå Sunnmøre, nemleg 'Gaia', fullskalakopien av Gokstadskipet. Kopien vart bygt i Bjørkedalen i Volda kommune av Sigurd Bjørkedal og sønene hans tidleg på 1990-talet (Eige minne og eigen observasjon)

REFERANSAR

Informant: Uidentifisert veteran på treffet i Gjøvik.

Arkivalia: Arkivet etter Schjelderups Sælfangstrederi, ved Tore W. Topp, Hamar.

Nettstader:

Norsk Forening for Fartøyvern: nettstad.

Store Norske Leksikon: nettutgåve.

Øyas Venner: nettstad.

Wikipedia.

Litteratur: 'Den Norske Sjømannsmisjon i 75 år. 1864-1939. Festschrift utgitt av foreningens hovedstyre ved generalsekretær Vilhelm Vilhelmsen 1939'.

Eige minne og eigne observasjonar.

Skuter som forliste – 20.

Selfangstskuta D/S «Øst» var eigd av reiarlaget Sælfangst & Havfiske A/S, Ålesund, med Elling Aarset som disponent og styremedlem.

Skuta forliste etter isskruing i Kvitesjøen den 17. mars 1936. Den var bygd i Rosendal av tre i 1914 og hadde ei dampmaskin av samme årstal. Bruttotonnasjen var 230 og nettotonnasjen var 93 tonn. Trygdetaksten var kr. 90.000,- med $\frac{1}{4}$ eigenrisiko.

Skipper på turen var Lyder Andreas Olsen Strømmen, 53 år frå Ålesund, og maskinist var Knud Knutsen 42 år, også frå Ålesund.

I samband med forliset vart det halde sjøforkaring i Ålesund den 14. april 1936 med dfm. Rich. Tønnessen som administrator. Sjøkyndig rettsvitne var kaptein A. Blankholm. Sjøforkaringa fylgjer i si heilheit saman med spesifikasjon frå reiarlaget over forbruks- og fast utstyr samt mannskapetsøy og effekter som gikk tapt ved forliset.


God lesnad.

Sigbjørn K. Rosbach Røren.



Mannskapsbilde frå «Øst» 1930.

«Øst» ved kai.



Utskrift av Rettsbok

for

Aalesund Byrett

Aar 1936 den 14. april blev rett holdt paa byfogedkontoret.

Rettens formann: Dfm. Rich. Tønnesen.

Sjøkyndig rettsvidne: Kaptein A. Blankholm, der har avgitt forsikring for

Protokollskriver: A. Kringstad.

Sak nr. 28/36 B.

Saken gjelder: Sjøforklaring i anledning D/S "Østs" forlis i Kvitesjøen
den 17 mars 1936.

Tilstede : For Sealfangst og Havfiske A/S møtte disponent og styremedlem Elling Aarseth.

For Assuranceforeningen Ishavet møtte adm. direktør Møller-Christensen.

Skibainspektoren møtte ved Johansen Aspelund.

Dommeren fremla begjæring om sjøforklaring i berammet stand.

Det fremlagte bekreftes.

Aalesund den 11. april 1936.

Herr Byfogden, her.

Jeg tillater mig herved begjæret avholdt sjøforklaring i anledning mit førendes skib s.s. "Øst"s forlis i Kvitesjøen den 17 mars d.a.

Jeg vedlegger utdrag av skibsdagboken vedrørende forliset.

Arbødigst
L. Strømmen

Fremlagt i Aalesund byrett den 14. april 1936.

Rich. Tønnesen
dfm.

Premstod Lyder Andreas Olsen Strømmen 53 aar, skipper, med partene ubeslektet og uforbundet, bopel Nørve, Aalesund, gjordes kjendt med ansvaret ved avgivelse av forklaring i retten.

Utdrag av skibsjournalen oplestes og vedtokes av komp. som sin forklaring.

Det fremlagte akteres.

Utdrag av s.s. "Østs" dagbok. Aalesund den 14. april 1936.

Søndag den 1ste mars: W.SW.vind Isen har sat sammen saa vi ligger fast 6 grad + 68 ° N.Br. Det gaar fort paa N.O kan ikke se land. Mandag den 2den. Kl. 4 fm. begynner vi å gaa, det gaar tregt i begynnelsen, gaar paa vest kl. 9 fm. kommer vi i aapeht vann, fortsetter i hele dag. Kl. 7 em. gaar vi inn i isen ved Orlov gaar paa ost. Oplett. Tirsdag den 3dje. Syd vind og regn 1 grad +, Har ikke sett sett sel. Etter meldinger har ikke norske skuter sett fangst. Onsdag den 4de. SW. vind oplett. Vi kommer ilag med n/s "Veslemari" og m/k "Heimen". Hører at N/K "Terningen" og m/k "Arnt Angell" er forlist i isen. Isen treg, saa vi kommer ikke langt. Har ikke fårt om fang. Torsdag den 5te. Laber vind, fint veir. Isen treg saa vi kommer ikke langt. Fredag den 6te. Laber vind. Fint veir. Kommer frem til litt nykastet sel. 5 skuter, men "Veslemari" faar mest. Vi er i Konsesjonslinjen Orlov WTS kl. 6 ungsel idag. Lørdag den 7. Fint oplett veir. Det er slutt paa denne klatt sel. Isen treg saa vi kommer ikke langt. Faat bare 8 ungsel idag. Søndag den 8. Fint veir sted vind saa det driver utover. Bra med sel men vi ligger fast. Slakker etter at det er merkt, saa vi finner ikke igjen allt. Soj ungsel idag og litt storsel. Orlov W.T.S. Mandag den 9. SW vind. Har lagt paa en plass i hele dag. Isen vil ikke slakke. Vi har dratt ombord 100 ungsel. Tirsdag den 10. WSW.vind. Oplett. Gaar ut for iskanten og utover et stykke. Setter paa isen igjen men da er det merkt saa vi kommer ikke langt. 124 ungsel idag. 89 storsel, har vi faat ialt. Onsdag den 11. NW vind frisk. Ligger fast i hele dag. "Veslekari" og en nordlending ligger ogsaa fast. Det driver fort østover. Vi ligger ikke langt fra kanten. Kan ikke se sel. Nordlendingen faat noe igaar. Torsdag den 12. Nordlig vind. Vi kommer indfor kanten inat og gaar indover kl. 5.30 m. ligger vi rolig. Det er snekave. Vi gaar inn i

iden ved Orlov og gaar paa ost. En og annen ungsel. Kl. 6 em. ~~M. 6 em.~~
kommer en russisk bryter og kontrollerer oss. Vi har da Orlov i WNW
men da er isen inde. Paa-verende plass jeg skrev under paa er $\frac{1}{2}$
 $67^{\circ} 0' 5''$ Nbr. og $41^{\circ} 32' 8''$ Ost lengde kl. 12 m. Orlov i SW.
Fredag den 13. Sydlig vind set frostrsik. Isen treg idag saa vi
kommer ikke langt. Orlov i SW. Isen kommer utover 2o ungsel i storsel
idag. Lørdag den 14 de. SW. vind. Klart veir. Isen treg. Md. Nbr. $67^{\circ} 16'$
Orlov i SW. "Veslekari" "Polarbjørn" gaar til Vesterisen. Ingen norske
skuter i fangst. Men Russen fanger. Orlov i SW naar isen er ude 5
frosne ungsel. Søndag den 15. Sydlig vind. Det driver østover. Orlov-
grunnen har vi i SW. Er kommet frem til Russeskrotter igjen kom et
stykke sydover inat men ågt rolig i hele dat. Dratt ombord 23 ungsel
L. Strommen.

Utdrag av s.s. "Østs" skibsdagbok.

Lørdag den 15. februar 1936. Fint veir kl. 11,30 em. gaar vi fra Aale-
sund. Mandag den 16 mars. Syd vind snekave, ligger fast i hele dag,
megen storsel gaar utover, det driver mot Bolsiagrunnen faat 2
storsel idag. Det ser ikke lyst ut å komme oss østover. Tirsdag den
17 mars. Kl. 1 fm. faar vi en skruing som trykker siden inn. Vi gaar
paa isen. Kl. 2.30 fm. sluknet fyren. Kl. 3.30 gaar lyset. Varmet
stiger fort. Kl. 10 fm. gaar vi fra isen mot "Hanseat". Kom ombord i
"Hanseat" kl. 12 nd. Det er snekave. "Øst" er ennu ikke sunken. Haldek-
ket var nest under vann naar vi forlot den. Vi faar den beste pleie
som raad er ombord i "Hanseat". Alle mann ombord i "Øst" er i beste
velgaaende men lite tsi fikk de med sig. Jeg berget bare skibspapi-
rer. Aalesund den 11. april 1936. L. Strommen.

Fremlagt i Aalesund byrett den 14. april 1936.

Rich. Tonnesen.

dfm.

Han forklarer videre: Jeg gik tilksis i 12 tiden om natten. Kl. 1
blev jeg utpurret og grunnen var at vi hadde faat en skruing. Naar
jeg kom paa dekk saa jeg at dekket var opløftet og spurte i maskinen

om skuten lekket, og et ~~sieblik~~, det var ikke 2 minutter, kom vannet over maskindørken. Alle pumper blev sat i virksomhet, men vannet steg fremdeles. Jeg gav befaling at vi måtte ha proviant og alt nødvendig paa isen. Om ca. en times tid slukket fyren under kjelen, og en time etterpaa gik lyset paa grunn av at vannet var steget op i maskinrummet. Vi berget op paa isen proviant, seil og diverse saa vi skulle være klar til aa lage depot paa isen. Vi begyndte likeens å ta litt fangst op paa isen.

Vi sendte to mann over til "Hanseat" før å si dem at hvis de vilde hjelpe å berge saa måtte de gjøre det nu, men før de var kommet frem møtte de endel mannskap fra "Hanseat" som var paa vei mot oss. Disse begyndte saa aa hive op fangsten fra "Øst" op paa isen. Dette var vel ved 8 tiden om morgenens. For "Hanseat" kom tilhjelp hadde vel "Øst"s mannskap hatt paa isen ca. 600 dyr. "Hanseats" mannskap tok paa isen omrent samme mengde, mens "Østs" mannskap da bekjeftiget sig med aa lage ^{fl}depot. Vi hadde vel ialt ca. 1700 dyr ombord. "Hanseats" mannskap kunne vel holde paa med aa ta dyr paa isen omrent et par timers tid. Efter den tid var det ikke raad aa være ombord. Ved 10 tiden gik vi over til "Hanseat" idet vi slepte med oss 2 baater og staket oss frem. Paa dette tidspunkt var halvdekket mest under vann. Paa grunn av snetykke kunne jeg ikke se naar "Øst" sank, men jeg skulle anta det var et par timer efter vi kom ombord i "Hanseat". I kveldingen kom saa "Hanseat" sig bort til den fangst som var reddet op paa isen og tok op fangsten. "Øst" var da vedke. "Østs" mannskap hadde bragt 3 kikkerter, 3 kompasser og 6 geværer paa isen og dette tok saa "Hanseat" ombord da den tok fangsten. Jeg tar dog ikke med sikkerhet si hvorvidt alle kompasser og alle geværer blev tatt ombord. Sekstanten bragte jeg sammen med skibsskrinet og skibspapirer ombord i "Hanseat". Nesteparten av mannskapets ~~inget~~ mit ~~og~~ blev bragt op paa isen, men hvormeget senere blev reddet ombord i "Hanseat" tar jeg ikke si noget

sikkert om. Om kvelden laa vi i en liten isvaake, om natten skruet isen sammen og et hjerne av isfloren traf omtrent midtskibs under vannlinjen. Skruingen var saa sterk at efter mit skjen blev skuten praktisk talt avskaaren. Den blev brekket av tror jeg. Istrykket fortsatte og dette var grunnen til at skuten holdt sig saa lange flytende som den gjorde. Hadde isen slakket op ville den sunket med engang. Skruingen var saa voldsom at spektenkene i rummet var trykket istykker. "Øst" hadde paa samme tår været endel utsat for skruing uten dog å ha ta nogen skade og uten at det hadde været noget fare paa fare. Da ulykken skjedde var skuten i utmerket forfatning.

D/S "Øst" er bygget i Rosendal 1914 av tre, kjendingssignaler er: L.F.H.R. reg. tonn brutto 230,44, netto 93,30. Partsiet har fartssertifikat gyldig til januar 1939. Føreren har førercertifikat utstedt av Bergens Mønstringssyre den 27/12-1918 i henhold til lov av 7/4-06, § 15. "Øst" var ved avgangen fra Aalesund i tip top stand. Ved neskruingen hadde "Øst" ca. 2 planker fribord, hver planke ca. 7 a 8 tommer.

Oplest og vedtatt. 

Premstod derefter som 1ste vidne: Knut Knudsen, 42 aar, bop. Giskegaten 42, Aalesund, uten økonomisk interesse i "Øst", med rederi og skipper ubeskyttet og uforbundet, gjordes kjent med sine plikter som vidne. Han forklarer. Ved angjeldende ulykke hadde jeg vakt til kl. 24 og skulle netop til å legge mig da skruingen begyndte, jeg sprang da ned i maskinrummet hvor min assistent da hadde vakt. Da jeg kom ned i maskinrummet saa jeg at vannet begyndte å komme inn i veivrummet. Alle rede for jeg kom ned hadde min assistent sat maskinpumpene igang. Disse fungerte utmerket og var i god stand. Omrent med det samme jeg kom ned i maskinen, ropte Strommen og spurte om der var meget vann i maskinen, og jeg svarte ham da at vannet steg fortspende, jeg holdt ham hele tiden underrettet om hvorledes vannet steg. Vannet steg hurtig og efter et kvarter a 20 minutter gik det til op paa leggen i maskindørken. da

forlet min assistent og jeg maskinen.

Pumpene i maskinen gik hele tiden ogsaa efter at vi hadde forlatt der saa lange der var damp paa kjelen. Da jeg ^{maatte} forlate maskinen og kom paa dekk, saa jeg at mannskapet hadde igang begge dekspumpene, men hvorlangt de holdt paa med pumpingen vet jeg ikke.

Fra maskinen blev der ikke berget noget op paa isen. Jeg la merke til at der blev reddet over paa isen endel dekkseffekter, men hvad kan jeg ikke si. Jeg selv tok kun op paa iset ved skift og dette er ikke raatnet op. My "Østs" fangst blev ca. 1000 dyr tatt over paa iden og siden bragt ombord i "Hanseat". Hvor meget av dette som blev tatt paa isen av "Øst" og hvor meget av "Hanseat" tør jeg ikke ha nogen mening om.

Oplest og vedtatt.

Vidnet edfestedes og fratraadte.

Derefter fremstod som 2det vidne: Jacob Kristian Hvidtfeldsen, 42 aar, skytter, bop. Nørvesund, med rederi og skipper ubeskjærtet og uforbundet, uten interesse i fartsglet, gjordes kjendt med sine plikter som vidne.

Han forklarer: Da skuringen den 17 mars 1936 begyndte paa "Øst" befant jeg mig tilkøis. Jeg stod strax op og gik paa dekk. Da jeg kom op forstod jeg baade paa grunn av at vannet steg saa hurtig og paa grunn av skutens forfatning paa grunn av skuringen at "Øst" ikke var til saa redde. Hadde skuringen ophört gaar jeg ut fra at den vilde ha sunket med det samme. "Øst" var rammet av isen under vannlinjen omtrent midtskib. Alle pumper var igang. Maskinpumpene gik saa lenge der var steam tilbage i kjelen. Dekspumpene gik vel en halv times tid tanket jeg. Efter den tid maatte vi koncentrere oss om saa faa proviant etc. over paa isen for saa lage et depot.

Over paa isen blev bl.a. reddet 3 kompasser, ialfall de to langkikkert, samt 6 geværer, men hvor meget av dette som senere blev ført ombord i "Hanseat" kjenner jeg ikke til. Jeg fik berget den viktigste del



Blåbær

- ❄ god for synet
- ❄ magen
- ❄ og nattesomnen
- ❄ høg konsentrasjon av
- ❄ antioksidantar

Forsking viser at Blåbærekonsentrat har positive verknader på kroppen sitt immunforsvar, og gir betre sirkulasjon i dei tynne blodårane.

Dette fordi ekstrakten har ekstra høg konsentrasjon av antocyanar som er dei mest effektive antioksidantane i naturen.

Blåbærekstrakten er også betennelsesdempande. 1-2 kapslar dagleg.



Polarolje®

- ❄ god mot ømme, stive ledd
- ❄ styrkjer immunforsvaret
- ❄ regulerar mage-/tarmfunksjonen
- ❄ god for hår og negler
- ❄ ei unik Omega-3 kilde

Kuren mot ømme og stive ledd - utan negative biverknader. Etter meir enn 5 års klinisk forsking syner forskarar ved Haukeland universitetssjukehus og Nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning (NIFES) til oppsiktsvekkjande resultater.

Blåbærekstrakt og Polarolje finn du i ein Coop-butikk nær deg, og hos Polargodt AS i Tjørvåg.

Forbrukarkontakt/produsent:

Polargodt AS

6070 Tjørvåg, tlf 70 08 42 62 - fax 70 08 42 63
Arnfinn mobil: 906 60 438
arnfinn@polargodt.no
www.polargodt.no



Sunne julegåver frå Polargodt!

**Ta turen til Stinebu ved
sjøkanten i Tjørvåg.
Der sikrar du deg ein sunn
godbit til jul!**

Helse

**Julepakke med Blåbærkapslar,
Polarolje og Polarsalve!**



Godt!

**Kjempegodt kvalkjøt og
nydelege kvalkarbonader!**

Tøft!

**Nye isbjørnskinn
til sals!**



Forbrukarkontakt/produsent:

Polargodt AS

6070 Tjørvåg, tlf 70084262 - fax 70084263
Arnfinn mobil: 90660438
arnfinn@polargodt.no
www.polargodt.no

av mit utstyr over paa isen, derimot var det kun en ubetydelig del av mit tsi som blev bragt ombord paa "Hanseat", bare en liten klassek, dette tsi blev paa turen saa utsat for vannskade, at jeg mener det er saa godt som ødelagt. "Øst" hadde da ulykken skjedde, innenfor 1700 dyr. Av "Østs" mannskap blev der bragt ca. 600 dyr over paa isen og omrent samme mengde av "Hanseats" mannskap. Jeg skulle anta at denne fangst blev bragt ombord i "Hanseat", uten at jeg dog kan si dette med sikkerhet.

Oplest og vedtat.

Vidnet edfestedes og fratraadte.

Derefter fremstod som ønde die vidne: Kristian Louis Gudmundseth, 29 aar, bop. Valdersy, fangstmann, med rederi og skipper ubeslektet og uforbundet, uten økonomisk interesse i fartssiet, gjordes kjendt med sine plikter som vidne. Han forklarer:

Da ulykken skjedde befant jeg mig tilkøis og stod strax op og gik paa dekk. Jeg skjente da at "Øst" ikke stod til aa redde idet den var blitt rammet omrent midtskibs under vannlinjen av isfloren og vannet fosse inn. Baade maskinpumpene og dekspumpene var igang. Jeg antar at maskinpumpene gik saa længe der var steam i maskinen. Hvorlangt dekspumpene gik kan jeg ikke si med sikkerhet da jeg blev sat igang med at berge proviant over paa isen. Hvor meget proviant der blev berget, kan jeg ikke si men det var endel mal, og andre nødvendige ting. Jeg kjenner til at i fall et kompas og geværene blev reddet over paa isen, og disse blev senere tatt ombord i "Hanseat". Selv reddet jeg bare et set doonge klar og noget undertsei, dette fik jeg ogsaa senere ombord i "Hanseat" men det var da gjennemstaat øg stod utsat paa "Hanseat" slik at det er raastnet op.

Jeg var ikke med aa berge fangsten over paa isen, men jeg skulle anta at det ialt blev bragt paa isen ca. 1000 dyr, som ogsaa senere blev bragt ombord i "Hanseat". Hvor meget av dette som blev taft paa isen av "Hanseat" og hvor meget av "Øst" kan jeg ikke si.

Oplest og vedtat.

Vidnet edfestedes og fratraadte.

Premstod dereftet som ude vidne: Oluf Danielsen, 22 aar, bop. Nørvesund fangstmann, uten interesse i fartsgiet, med rederi og skipper ubeslektet og uforbundet, gjordes kjendt med sine plikter som vidne. Han forklarer: Da ulykken inntraf antar jeg at "Øst" hadde inne ca. 16-1700 dyr. Av dette blev bragtover paa isen en 11-1200 dyr og jeg antar at det blev tatt paa isen omrent like meget av Østs og Hanseats mannskaper. Fangsten som blev reddet blev senere tatt ombord i Hanseat. Over paa isen blev reddet endel proviant, hvor meget er ikke saa godt aa si. Litt av provianten blev muligens tatt ombord i Hanseat men mesteparten blev etterlatt. Av dekkseffekter kjenner jeg til at der blev reddet en kikkert og et kompas, men om dette blev bragt ombord i Hanseat vet jeg ikke.

Av mine egne saker reddet jeg et skift undertgi og et skift gongeriløkar og litt annet, men dette er nu ødelagt oppaa grunn av vannskade som det paadrog sog ved frakten over til Hanseat og senere pa Hanseat

Oplest og vedtat.

Vidnet edfestedes og fratraadte.

Rettsvidnet ~~medforskeren~~ hadde intet aa bemerke.

Retten hevet.

Rich, Tonnessen

dfm.

Til statskassen betalt:

For behandling kr. 10,-

" skrivning av 4 ark,

hvorfor stempermerke 6,40

Kr. 16,40

seksten 40/100 kroner.

A. Blankholm

Overensstemmende med
rettboken og det frem-
lagte bekreftes.

Rich-Tonnessen
dfm.



S P E S I F I K A S J O N.
s.s."Øst"

Forbruksutstyr
og utrustning.

ANK 27 MAJ 1936.
BESVART

2318.96

Ammunisjon.....kr. 1600.00
2720 hl.kull....." 4896.00
3 fat maskinolje " 300.00
Saltregning....." 378.00
Proviant etc....." 3200.00
Maskinrekvisita.." 940.00
Dekksrekvisita..." 400.00
Forsk.til fangstf. 1022.10
R.T.V.cg Trygde-
kassens premier.." 290.00
Kasko & Utstyrs-
assuransepremier " 6074.54
Faste hyrer....." 4618.00
Div.utrustningomk." 1000.00 Kr. 24718.64.
Koncessjon " 2750.- 27.470.-

Fast utstyr.

13 stkr. spekktanker
(102 tonns).....Kr. 13000.-
6 geværer a 75/-...." 450. -
1 fangstbåt m/utstyr" 250.-
2 st. toppkikkerter.." 300.00
3 små langkikkerter." 100.00
2 prismekikkerter..." 300.00
Fangstutstyr etc...." 2300.00 16700.00.

Mandskapets töi
og effekter.

Skipperen.....Kr. 1200.00
Maskinist....." 800.00
1ste & 2.skytter.." 1400.00
Stuert....." 600.00
Fyrböter & Kullempr.
messegutt + 15
fangstmenn = 18 st.
a kr. 450.00....." 8100.00 12100.00.

Skipperen privat.

1 radioapparat m/utstyr..... 390.00 165. - 36825.-
Kr. 53908.64 + 2.750.- 56.658,64

Selvjangst fortplantelse

11.300,-

2.825,-

~~8.075,-~~

8.000,-

390,-

12.655,-
9.830,-
2.825,- X 5000002 = 2.425.76
56825,-

Isen, skutene og menneska

Praktverk om 100 år med selfangst

Av Marit Kvammen

Dette skulle ikkje bli ei selfangstskutebok, men ei bok om **folket**, dei som drog ut og dei som var att heime.

Slik presenterte Einar Grimstad forlaget SPOR si til no mest omfangsrike bok, "Is, skuter og folk – Isflaket 10 år" under lanseringa på Ishavsmuseet i Brandal søndag. 315 sider, gjennomillustrert med svart/kvitt-foto og nokre teikningar, har det blitt, dette utvalet av stoff frå medlemsbladet "Isflaket" som Ishavsmuseets Venner no har gitt ut i ti år.

Idealisme

Framsida på boka er pryda med bilete av ein sjarmør som sit om bord i ei skute og spelar trekkspel – for øvrig ein som ingen veit namnet på, enno. Dermed gav det seg sjøl at lanseringa opna med smektande trekkspelemusikk ved Knut Selvåg. Gode, gamle evergreens passa godt her.

Ideen om å lage bok av dette stoffet var Gunnar Wiik sin. Han intervjua for eit par år sidan redaktør for "Isflaket" Finn Sindre Eliassen og vart fengsla over den idealisme han fann hos han. – Kvifor ikkje få litt av dette stoffet mellom to permars? spurde Wiik. – Til det må eg ha hjelp, svara Eliassen, og med det var dei i gang.

Nokre var heime

Intervjua gjorde Wiik også under lanseringa, ei av dei som er med i boka og som ved dette høvet hadde teke turen frå Hovdebygda til Brandal, Bergljot Sandvik. Ho er enke etter ishavsskipper Jarle Sandvik, som gjennomførte 27 turar på selfangst frå 1949. Ho fortalte om den tids

kommunikasjonar og kor stas det var å ta med seg borna til Ålesund når far var ventande heim. Tvillingar vart fødde, telegram sendt til far som var i isen. Svar med gratulasjon kom med det same. Men ved neste barnefødsel og tilhøyrande telegram, gjekk det tre veker før det kom tilbakemelding. – Du veit eg hadde mine tankar, vedgjekk Bergljot. Men eg ringde *ikkje* til Brandal for å høre om reiarlaget visste noko! Der var ikkje alle stader på Ishavet like god "dekning".

Breitt uitval

Det er Finn Sindre Eliassen som har valt ut stoffet frå dei ti "Isflaka". Med seg har han hatt Magnus Sefland, som også har skrive ein god del av artiklane i boka. Han gjorde greie for kva omsyn ein hadde teke ved utveljinga: Alle fangstfelta skulle vere med, overvintringsfangst på land, meteorologistasjonane, ekspedisjonar. Og så måtte ein gjere rett mot dei andre ishavsbygdene, Vartdal, Tjørvåg og fjordbygdene, ikkje berre Brandal og Hareid. Sist men ikkje minst, stoff som står i andre skute- og ishavsbøker ville ein unngå.

Det var såleis ikkje lett å velje ut frå alle dei gode artiklane ein sat med, og forleggaren ser ikkje bort frå at det kan kome endå ei slik bok.

(Trykt i Vikebladet/Vestposten .11.2010)

Hundre år med dramatikk

Av Marit Kvammen

Endå ei ishavsbok, var første tanke då det vart kjent at medlemsbladet for Ishavsmuseets Venner, "Isflaket", skulle bli bok. Der er då så mange frå før...

Når boka "Is, skuter og folk" så ligg føre, har det blitt ei praktbok. Her er spennande og dramatiske skildringar, kostelege historier, sakleg informasjon om det historiske aspektet ved ishavsnæringa, naturskildringar som kan freiste kven som helst til å drøyme om ein tur til arktiske strok, og fram for alt glitrande personskildringar. Sjølsagt er det skipperane som dominerer persongalleriet, dei som trassa isbakane og måtte ta den rette avgjerda i rette tid, ordknappe og respektinngytande. Snakk om idol!

Eit par sitat kan illustrere skipperen. Ingolf Røren: - At eg kom heim og mi eiga mor var død, gjorde meg ingen ting imot det å kome heim med ein mann mindre enn kva vi skulle. Arnljot Brandal på spørsmål om det hadde vore farleg då skuta låg ein månad fast i isen med eit mannskap på 30: - Det må no hondenj vite kor farleg det he vore, oss kom oss no heimatte. Bjarte Brandal etter at han hadde kalla mannskapet om bord med fløyta akkurat då dei skulle til på avskjedsfesten med fangstfolka som skuta hadde frakta til overvintring på Svalbard: - Eg såg solblenken i flaska...

Skipperane i boka er mange, og slett ikkje alle har Brandal til etternamn. Olsen til dømes, der er heile fire skipperar med namnet Johan Olsen, og av dei er "Kongens ridder på havet" Johan P.K. Olsen til og med innehavar av St Olavs Orden.

Men vi blir også godt kjende med representantar for mannskapet, gode forteljarar mange av dei, og førstereisguten sjølsagt, som mònstra på så snart han hadde fått prestehanda på seg. Slike

arbeidde for halv lott. Og slik opplevde ein av dei forholda om bord i 30-åra: På overseglingane måtte somme av halvlotingane sitje framme og sove. I ruffen var det pumpelukt, sveitte, våte klede og røyk, og lufta kunne vere tett som ein vegg. Heilt fritt for rotter var der heller ikkje. Dette var framtida for generasjonen som var ung den tida. Men

Boka startar i Ørsta med ein lang og lærerik artikkel skiven av gurskingen Jarle Sandvik, der får vi vite det viktigaste om selfangst og ishavsliv. Benjamin Brandal fortel om overgangen frå damp til motor i 1920-åra. Ein forvitneleg artikkel av Finn Sindre Eliassen om Adolf Brandal m.fl. skildrar ein av dei tidlege overvintrings-ekspedisjonane på landjorda der oppe i isaudet. Her finn vi også forteljinga om ein sommarekspedisjon i 1900 då "Minna" kom attende til heimetraktene med ti levande isbjørnunar og fire moskuskalvar! 70 felte isbjørnar hadde dei også med seg.

Boka inneheld nok fleire skutebilete enn personbilete. Ei skute skal trekkast fram her, "skuta med ein skrue laus". "Brategg" var bygd i Trondheim i 1932, vart ombygd i Ålesund til bruk ved ein ekspedisjon til Antarktis for å finne nye kvalfelt, og etter den innhaldsrike ekspedisjonen dit sold til Brandal, utrusta til ishavsskute og fekk no namnet "Jopeter" (etter Josefine og Peter S). I 1955 miste skuta propellen inne i isen og vart rekna for forlist. Men etter ein vinter på eiga hand vart ho attfunnen og forsøkt annektert av danskar. Norsk assuranse sende "Melshorn" for å slepe "Jopeter" heimatt for reparasjon. Året etter kjøpte Karlsen-reiarlaget A/S Polarbjørn skuta, og no fekk ho namnet "Polarbjørn" og gjekk i mange år som ekspedisjonsfarty. I 1974 vert "Polarbjørn" sold til Canada og får namnet "Lady Johnson II". Ho blir igjen brukt til selfangst før ho endar sine dagar som smuglarfarty under namnet "Arctic Trader". Ho sokk medan ho låg i opplag i 1994. Det som her

står i eitt avsnitt, tek i boka 37 sider og er fascinerande stoff om eit ”skuteliv”. Minst åtte personar miste livet i tilknyting til skuta.

Magnus Sefland har skrive denne bolken, han er også den som har skrive flest artiklar. Til slutt i boka skriv Finn Sindre Eliassen om framtida i nordområda og den globale oppvarminga, og Gunnar Wiik har intervjuat to unge brandølingar som begge er femte generasjon selfangarar, Espen Brandal og Kristoffer Brandal. Begge har prøvt seg i isen men ser klart problema for selfangst i framtida. - Det største problemet er ikkje motstanden mot næringa men mangelen på marknader, seier Kristoffer. -Dei må ein skape! Og med det sluttar boka.


”Is, skuter og folk, Isflaket i 10 år”

Red. Finn Sindre Eliassen, Magnus Sefland og Gunnar Wiik

Spor Forlag AS

316 sider

(Trykt i Vikebladet/Vestposten 16.11.2010)



Bestill boka frå Ishavsmuseet. Tlf. 700 92 004

E-Post post@ishavsmuseet.no

Tjukk skodde

Ei mindre skute var i fart over eit ope havstykke ein stad på norskekysten. Reiaren sjølv var både skipper og maskinist. Han hadde med seg ein ungut som dekksgut og rormann.



Kona til reiaren var med som stuert.

Det opne havstykket var fritt for holmar og skjer. Så det var berre å halde stø kurs. Men været var grått, og skoddebanksane kom og gjekk. Etter kvart letta skodda, og skipperen nytta høvet til å trekkje seg tilbake til skipperlugaren under dekk, der kona gjerne heldt til. Dekksguten fekk beskjed om kursen han skulle styre, og han fekk grei beskjed om å varsle skipperen dersom skodda kom tilbake.

Så hende det at skodda kom tilbake, tettare og tjukkare enn før. Dekksguten gjorde det han hadde fått beskjed om. Han stroppa rattet dei få minuttene han trong for å gå ned og varsle skipperen. Han sparka i døra til skipperlugaren og ropte: - No blir ho tjukk igjen!

Frå skipperlugaren vart det ropt tilbake, utan at døra vart opna: - Hald kjeft! Det skal du ikkje bry deg med!

Om drikken ombord

Vi hadde oftast berre vasskaggen med oss ombord.

Men stundom hadde vi også ei flaske med heimebryggja øl, stokkjen ned i ein vott, med oss på sjøen. Det var godt til bytet med vatnet.

Titt var vasskaggen frozen, då måtte ein drikke isbitane i seg.

Om morgonen når vi for vart det oftast berre ein mjølkeskvett attåt potatkakå. Men om kvelden, når vi kom frosne inatt, fjega vi ei ølskål og drakk til maten.

Mjølk hadde dei fleste med seg heimanfrå, men ho var bra sur før veka var slutt.

Ei brennevinsflaske med spansk pepar nedpå hadde nesten kvar mann.

Det var godt å ta til når noko feila, eller vi fraus mykje.

Etter Petrus Bigset

Boka Is, skuter og Folk.

Her kjem ein smokebit frå den nye boka «Isflaket» 10 år.

Eit år på fangst på Gråhuken, Svalbard

Av Marit Karlsen Brandal

”Kap Hvile” heiter hytta på Gråhuken. Den ligg ved stranda på nesten 80 grader nord, i eit grått og forblåst landskap. Hit kom vi, Steinulf Smith-Meyer og meg, den 9.juli 1982, for å vera eit år på fangst. M/S Polarstar med skipper Ingolf Røren, frakta oss nord frå Longyearbyen medan snøen endå dekta det meste av landskapet.

Det å liggja eit år på fangst på Svalbard hadde vore ein gammal draum for oss båe to. Når vi endeleg bestemte oss for å realiserte denne draumen og dreiv med planlegging og pakking, var vi midt i geologistudiet ved Universitetet i Oslo. Det var kanskje grunnen til at det berre var geolog- hammar som vart pakka i lasten, ikkje ein vanleg uttrekkhammar.....Ein slik fekk vi imidlertid av Susan Barr (med mann og barn) som vitja oss på Gråhuken den sommaren vi kom dit. Ellers hadde vi fått med det meste, til og med eit leksikon.

Hytta og Rabben

Ingolf Røren tykte det såg forferdeleg trist ut inne i hytta, og det var vel ikkje vanskeleg å vera einig med han. Den var skiten og full av sot. Derfor satte han att ei spenn med kvitmaling, som vi måla tak og veggar med. Slik vart det lyst og triveleg inne i opphaldsrømet på 9 kvadrat. I tillegg til seng, var der bord og kokeplass. Resten av hytta var proviantrom og ein gang på ca. 11 kvadrat. Dette var ikkje mykje rom til å få utlaup for det sunnmørske temperamentet på.....Men, når dette herja som verst var Rabben god å ha. Han var ein ½ år gammal grønnlandshund/husky frå Ny- Ålesund, som vi skulle få låne medan vi var på Gråhuken. Og ein meir forståelsesfull og kjærlig hund skal ein leite lenge etter. Rabben vart ein god ven

som eg ofte hadde lange og fortrulege samtalar med (og det trur eg Steinulf også hadde?). I tillegg var Rabben stort sett flink til å varsle når ein eller fleire isbjørn nærma seg hytta. Då kom ein lite knuff som ikkje var til å ta feil av.



Marit, Steinulf og Rabben. Selskinnskleda er sjølvsydde.

Som motstykkje til kosehunden Rabben, var den ”ville” Rabben. Denne villskapen kom fram dei gongane han fekk teft av rein; det var ikkje tvil om at han var klar til å drepa. Etter at vi hadde skutt den første reinen, gav vi heile hovudet av denne til Rabben. I to døger gnog han som besatt, og knurra når vi nærma oss. Men då hadde eg fått nok av galskapen, og gjekk forsiktig mot han med tjukke arbeidshanskar på. No fekk det briste eller bere, -her gjaldt det å syna kven som var sjefen. Rabben knurra og viste tenner heile tida medan eg nærma meg. Eg tok forsiktig reinskallen frå han, heldt den ei stund, og gav den so attende. Etter dette var over, slutta Rabben å knurre, og seinare når vi nærma oss, lot han det vera greit. Men ”kontakt” att med hunden fekk vi ikkje før skallen var reinspist.

Eg må nok også seia at Rabben ein gong tok livet av ein revunge. Han hadde sjølv kome med den døde reven til hytta, etter at han ein gong sleit seg frå tauet han stod fast i. Eg tok den vesle revungen i ein plastpose og grov den ned i snøen.

for å undersøkja han, og vi gjekk inn att til dei andre i hytta. Då vi kom inn byrja eg å svette; der sat Steinulf og fortalte høgt og tydeleg om den gongen Rabben kom med den døde, varme reven i kjeften. Han (Rabben) hadde logra med halen og sett ut til å vore stolt over



Marit reinskar reveskinn, Rabben følgjer med.

jaktutbytte.....

Sjølvsagt kunne eg ha kasta reven. Men sidan Rabben hadde vore i intim kontakt med dyret, ville vi gi reven til naturvernkonsernten og få undersøkt om den hadde rabies. Rabben var vaksinert mot dette, men vi ville ikkje ta noko sjansar. Seinare då naturvernkonsernten på sysselmannskontoret kjem til Gråhukken, tek eg mannen med bak hytta for å grave opp den døde reven. Meneg ville ikkje fortelja at det var Rabben som hadde slete seg og drepe reven. Kva ville dei då tenkja? At Rabben gjekk laus mesteparten av tida og fekk drepa både rein og rev i strøket her? Nei, hunden vår hadde ikkje gjort noko gale.... So derfor stod eg og laug myndigkeitene rett opp i andletet ved å fortelja at vi hadde funne reven død.

Naturvernkonsernten kutta hovudet av reven

Rabben fekk aldri koma inn i oppholdsrommet vårt. I staden fekk han akkurat plass til overkroppen inn skytegluggen i det same rommet, slik at han "hang" som eit levande trofe på veggen der.

Ein gong greidde han likevel å koma seg heilt inn, og aldri såg eg han so nøgd som då. Vi hadde ei binne med to årsgamle ungar som heldt seg ved hytta ei tid. Berre vi skulle ut for å tisse, måtte vi ha med gevær. Ein gong eg sat slik og tissa, nærmare hytta enn eg vanlegvis brukte og med rifla klar, kom eine ungen i full fart mot meg. Eg lada geværet for å skyta skremmeskot, men fekk klick på geværet. Eg ropar fort til Steinulf som kjem ut med gevær nr.2, men også det klikka! Her var det berre å koma seg i hus fortare enn svint. Eg hadde ikkje lyst til å leike

med ein sot liten isbjørn. Vi fekk so vidt tid til å løysa Rabben og smelt att ytterdøra, so var bamsen der. Men kvar vart Rabben av? Jau, han fann vi godt göymd oppi senga under sengekleda våre. Der låg han stille som ei mus.

I sbjørn og hæverk

På førehand hadde vi vorte advart mot alle isbjørnane der nord. Gråhuken ligg midt i trekket for bamsane, og det var å forventa at vi ikkje ville vera der åleine. Det som kanskje gjorde mest inntrykk, var eit brev frå Edvin Nøis, bror til legendariske Hilmar Nøis. Edvin hadde erfaring frå området etter ca 5 år på fangst der. Eg siterer frå brevet: "Dere må ikke ha for mye spek ved huse for bjørn da kan den bli plagsom i løpet av vinteren og våren. Se godt etter at det ikke legge sig mye sne på øvre siden av huse ved taket. Den (bjørnen) kan komme op på den har ramlet ned i huse før. Gikk ut vindue."



Dei hadde ofte isbjørn besök.

Vi hadde ikkje vore i hytta meir enn eit par dagar, før den første bamsen ville inn til oss. Visov, då ein skumgummibit som dekte eit lite defekt vindu, vart puffa inn i senga vår. Og inn titta bamsen. Men då han fekk sjå oss to forskremte i senga, vart han om mogeleg endå meir forskrekka, og fann ut at det var best å stikke. I ettertid ser eg at denne bamsen var eit viktig besök, då det fekk oss til å vera ekstra vare, også på sommarstid.

Litt seinare kom to amerikanske forskrarar til Gråhuken. Dei hadde padla frå Ny-Ålesund, var utan våpen, og skulle campe ved hytta nokre dagar. Vi fortalte at det var lite lurt å ferdast her utan noko å forsvara seg med. Men dei "gutane"

skulle ikkje ta imot råd frå to norske studentar, nei! Ein eller to dagar seinare, medan vi alle var vekke frå området, var bamsen der og endevrengde teltet deira, og åt mesteparten av provianten dei hadde med.

No er det slik at hytta ikkje hadde noko anna isolasjon enn avispapir. Vinden bles dermed tvers gjennom. Når det stod på frå nord, var det nesten som å ha vifte på inne. Vi var derfor ivrig til å spa snø inntil hytteveggen som isolasjon so snart det hadde byrja koma noko snø. Det gjekk derimot ikkje lenge før heile hytta vart naturleg heilt nedsnødd, og hyttetaket låg jamnhøgt med snøoverflata. Det vart lunt og godt inne, og vi måtte grave trapper ned til døra, og halda området ved skytegluggen fri for snø. Det var ikkje fritt for at eg tenkte på Edvin Nøis sine ord om bamsen som datt ned i hytta, dei gongane vi var inne og høyrd isbjørn som tusla ved taket. Då sat vi klar med rifla – inne.



I sbjørnen stel skrottar. Til slutt reiv han ned heile stativet.

Til tider kunne isbjørnen vera svært plagsom, og mange av bamsane reagerte ikkje på skremmeskot frå rifla. Vi hadde fanga ein del

sel, og hengt kjøtt og spekk høgt opp på kjøttstativet vårt. Mykje spekk låg også ved spekkbenken nede ved landkallen. Ein gong Steinulf stod å spekka eit skinn, høyrd vi brått at Rabben kom med eit bamse-knuff. Og der, om lag ei armlengde bak Steinulf stod to bamsar og såg på han. Ei binne med ein toåring. Gjett om det var ein som hoppa opp, slengde spekkkniven frå seg, og byrja springa mot hytta. For å unngå at bamsen kom etter, slo han raskt om takta, og gjekk normalt til hyttedøra. Heldigvis var selskinnet nesten ferdigspekka, so bamsane hadde meir enn nok med å glefsa i seg. Etter at dei var mette, gjekk dei nokre hundre meter frå hytta, og la seg til å sova. Men sidan dei visste at der fortsatt var meir spekk att, rekna vi med dei ville koma attende. Vi tok derfor å dynka dette godt med tabasco, og sette oss til for å venta. Og resultatet vart som forventa; då isbjørnane igjen kom for å eta, vart det eit kort måltid. Dei gjekk båe to gapande derifrå. Men ikkje lenger enn bort til kjøttstativet. Mora reiste seg opp på to og reiv ned eine selskrotten som dei fortærte. So gjekk dei for å sova att.

Kva skulle vi no gjera? Skulle disse to freda dyra eta opp all maten som var meint til Rabben? Vi dela opp dei resterande skrottane på stativet, slik at dei ikkje skulle henga so lavt og vera lette å få tak i. Men kva gjer binna når ho vaknar og finn ut at maten heng for høgt? Jau, ho jukkar på stativet til maten dett ned. Vel, etter seks døger med disse to bamsane ved hytta, var vi grundig lei (for å seia det mildt). Vi hadde forsøkt mykje i tillegg til skremmeskot, for å få isbjørnen vekk derifrå; ropt, kasteknall, slått med pannelokk osv. Ein gong dei båe to var heilt inne ved hytteveggen rett ved skytegluggen, satt eg ein høgtalar i gluggen og skrudde opp lyden på Lillebjørn Nilsen si vise "om hundre år er allting glemt". Det gjorde susen. Dei to isbjørnane stakk mot sør og vi såg dei aldri att. No kunne vi endeleg byrja "leva" att.

På heile året hadde vi ca. 180 ulike isbjørnbesøk ved hytta. Nokon slo seg ned i nokre dagar, medan andre berre gjekk forbi. Ikkje rart at Rabben til slutt ikkje orka å varlsa når bamsane nærma seg. Det vart so daglegdags at han berre stod og såg på dei. Dette gjorde at vi måtte byrja

ha han inne i bislaget att om natta, sidan Rabben ville vore eit lett bytte for bamsen der han stod i band ute. Isbjørnen lika seg so godt i vårt selskap at vi til og med fekk oppleva ei binne som dia ungen sin rett ved hytteveggen. Slikt har vi seinare fått høyra er sjeldan isbjørnen gjer i nærliken av folk. Andre bamsar hadde parringskamp. Det var brøl og slåssing, med blødande og haltande bamsar som resultat.



Steinulf og Rabben sjekkar revesfella.

Post og turistar

På Gråhukken hadde Sysselmannen eit drivstoffdepot for helikopter. Dette gjorde at vi ein sjeldan gong fekk post frå kjente og ukjente. Om sommaren hyppigare enn om vinteren. Det meste vi var totalt isolert utan noko form for kontakt med verda rundt oss, var tre månader. Sidan vi følgde vår eiga døgnrytme, kunne slike vitjingar koma, for oss, midt på "natta". Rabben lærde seg tidleg å gje oss ulike knuff for isbjørn og helikopter. So dersom vi høyrd helikopterknuffet når vi sov, var det opp av senga og opna skytegluggen for å lytta etter chop-chop lyden. Var det ein fjern lyd der? Ja! På med kleda, eit raskt blikk i speilet (det var vel kanskje lukta som var verst?), avslutta brev og sette over kaffien. Skal tru om dei hadde med post til oss denne gongen? Som regel var det ein full postsekk, so etter helikopteret hadde reist, sat vi som regel og las til vi sovna att. I oktober fekk vi i tillegg ein sekk full av avisar frå Polarstar i Longyearbyen. I botnen av sekken låg ei champagneflaske med fylgjande helsing: God Jul. Godt Nyttår. Johan "Polarstar". Den vart sett vekk til nyårskvelden.

Den sommaren vi kom opp fekk vi m.a. vitjing av ein seglbåt frå Hamburg. Det var fire tyske

ungdommar på tur. Dei gav oss ei bok skreve av Christiane Ritter: Eine Frau erlebt die Polarnacht. Kunstnaren Christiane Ritter overvintra med mann og ein annan pelsjeger i hytta på Gråhuken vinteren 1934/35. Hytta var då om lag halvparten so stor som no, og ho hadde aldri opplevd arktis før. Christiane Ritter gjev fine skildringar av dei ulike stemningane på Gråhuken, og eg hugsar at slik ho beskrev kor stormen tok tak i hytta, var nett slik vi opplevde det. Det var under overvintringa og i ettertid svært interessant å brevveksla med Christiane som budde i Østerrike, inntil ho døydde for nokre år sidan.

"Vi har med fint besøk i dag" sa Tore Gjelsvik frå Norsk Polarinstittutt, då han kom ut av helikopter ein dag det landa ved depoet. Han på eit vis holdt oss litt tilbake, slik at ein attache skulle få utført si oppgåve. Han, attacheen , helste til oss med fylgjande ord: "Now you have audiens". Og ut av helikopteret kom Rainier av Monaco og Prins Albert. Vi hadde visst fått audiens, slik at dei kunne vitja oss.....Det var eit svært hyggeleg besøk, men eg torde ikkje sei til Albert at han berre måtte setja seg ned når han vart med inn i hytta. For det eg hadde å tilby som sete var senga vår. Då dei hadde reist, måtte eg ha meg ein cigar og litt til. Hadde eg drøymt, eller ? Steinulf var mest skuffa over at Caroline ikkje hadde vore med i helikopteret.

Å verta invitert ut på middag, var ikkje akkurat det vi mest venta på. Men so skjedde den 10.april 1983. Eit Lynx helikopter kom med invitasjonen frå K/V Nordkapp, som låg nordvest for Svalbard. Vi fekk eit par timar å gjera oss klar på, so ville dei hente oss att. Aldri har vi vel vaska oss so grundig ! Og tok på reine klede. Rabben oppførte seg fint i helikopteret, og vart raskt midtpunkt då vi kom fram. For oss var det fantastisk å ha eit heilt mannskap å kunne prate med på ein gong. Det var nesten litt forvirrande. Då vi om kvelden hadde vorte skyssa heim, var det eit spørsmål eg hadde merka meg dei fleste om bord hadde spurt; om vi ikkje ville dusje ? For oss hadde det vore meir interessant å prata.

Revefangst og mørketid

Sommaren gjekk med til å gjera oss kjent i terrenget. Vi hadde med ein 12 fots aluminiumsbåt som vi farta rundt med. Sanka drivtømmer til ved og merka av på kartet gode felleplassar. Revefellene var best å setja opp på forblåste knausar, som også om vinteren ville vera mest mogeleg snøfrie. Kom der for mykje snø under, ville fella ikkje drepa reven når ho datt over han med eit lass av steinar oppå. Vi nytta den gamle fangstmetoden med falllemmar, som forresten var det einaste lovlege. Det var mykje arbeid å både snekre lemmar og spikke felle- låsen. Dette arbeidet var nytt for oss både, men vi hadde vore ein tur innom museet i Longyearbyen for å sjå korleis det skulle vera..... Mellom 60 og 80 feller hadde vi til ei kvar tid ståande oppe i to retningar ut frå hytta. Kvar dag gjennom heile den mørke vinteren var vi ute å røkta dei. Det var naudsynt, for bamsen var folen til å gjera hærverk. Han slo sund fellene for å få tak i den lisje selspekk- biten som var åte. Det var lite lystig når bamse hadde gått ruta vår og slått sund nesten alle fellene. I tillegg var vi ei tid plaga med revekannibalisme. Då låg som regel berre hovudet av reven att under fella. Trass i alt dette, fanga vi 51 rev, 4 av desse var blårev.





Marit spenner opp og tørkar selskinn.

Ingen av oss hadde flådd rev før. Men gode brosjyrer om emnet var til god hjelp. Likevel var det ikkje fritt for at det var vanskeleg i byrjinga. Første reven tok det oss 10 timer å flå ferdig og satt opp på tane! Etter ein del trening kom vi ned i eit par timer pr rev.

Sør for hytta hadde vi to bistasjonar, ein i Fiskebay (8 km frå Gråhuken) og ein i Mushamna (16 km frå Gråhuken). Det var her mogeleg å overnatta, og vi lagra litt proviant i kvar hytte. Var det mykje vind og tungt føre, overnatta vi heller enn å slita oss heilt heim til hovedstasjonen på Gråhuken.

Mørketida gav oss utruleg mange fine og nære opplevelsar. Når eg seier nære, er det fordi i mørke og med hav dekt av is, er det utruleg kor lett lyden ber. Ein gong midt på vinteren medan vi var ute og såg etter fellene, høyrde vi t.d. pusten av ein bamse som nærma seg. Rabben synte oss kva retning isbjørnen kom frå, men i

mørke såg vi han ikkje. Lyden av pust og steg i snøen vart tydlegare og tydlegare, for so å forsvinna att. Det var ei merkeleg kjendsle å stå der i mørke med ladd gevær utan å sjå noko.

Månen og nordlyset gjorde forresten livet ofte lysare for oss. Ved fullmåne kunne vi gå utan lykt, og arbeidet ved fellene gjekk som ein draum. Når vi gjekk slik frå felle til felle i måneskin over kvite flater og ingen vind, ja då hadde eg kjensla av å virkeleg leva. Utan måne eller nordlys måtte vi i staden ofte leita etter fellene. I tillegg snubla vi ofte i snøskavlar som var uråd å sjå, særsla når Rabben drog ein av oss på ski i full fart mot neste felle.

Det var ikkje berre regefangst og flåing vi fordroiv tida med i løpet av dei 4 månadane i mørke. Snø skulle smeltast og glasset på parafinlampene vaskast. På seinsommaren skaut vi ein del ringsel (snadd). Skrottane vart, som tidlegare skreve, hengt på kjøttstativ for mat til Rabben, medan skinna vart bearbeidd etter ein metode frå Grønland. Etter spekking vart skinna

grundig vaska, spilt ut og tørka på ramme. For å få dei mjuke att etter tørking, skulle skinna tyggast. Dette vart gjort for også å få ut dei absolutt siste restar av spekk. På Grønland er dette berre kvinnfolk arbeid, men ikkje på Gråhuken, nei. Eit slikt føle "handarbeid" gav ein folen smak i munnen som berre akevitten kunne fjerna. Av dei ferdig preparerte skinna sydde vi oss anorakkar, vesker, luer og sko. Anorakkane kjendes stive når vi tok dei på, men kroppsvarmen gjorde dei mjuke etter ein times tid.

Inne i hytta vart det so som so med privatliv. Etter middag, fekk eg alltid tid for meg sjølv. Då brukte Steinulf bikka seg attover på sofaen/senga, og der sovna han mellom potetsekkar og halvtygde selskinn. (Potetsekkane hadde vi i senga for å unngå at dei fraus).

Då kunne eg nyta det å vera heilt "åleine". Slike stunder merka eg gjorde meg godt. Steinulf hadde tilsvarende om morgonane, då han romsterte for seg sjølv før eg vakna. Av og til vakna eg, men lot som egsov, då eg rekna med han hadde like stort behov for sine "stunder" som eg hadde for mine.

I midten av januar byrja vi å merka ei svak lysstripe i sør midt på dag. Det hadde minka sterkt på lommelykt- batteri lageret vårt, slik at vi frå no av la fangsturane våre til denne tida. For kvar dag merka vi at lysstripa vart sterkare og sterkare, og 3. mars fekk vi det første glimt av sola mellom to fjell. Det vart ein festdag som fortente flagget oppe!

"Ferie" og heimreise

Revefangsten var over i midten av mars, og lyset var kome attende. No kunne vi dra på lange fine turar både med ski og scooter (ein scooter som vi endeleg hadde fått fiksa - den hadde vore "død" mesteparten av vinteren) utan å tenkja fangst og feller. Vi kosa oss også med fangst av sel på isen i Woodfjorden, slik også isbjørnen gjorde. Nærmore påsketider byrja dei første scooterfolka frå Ny- Ålesund og Longyearbyen å dukke opp. Slikt var kjekt, men ikkje alltid.

Nokre gongar hadde vi (døgnville som vi var) nett sovna då ein armada av scooterfolk på langtur parkerte utfør hytta. I slike situasjonar var det tungt å vera gjestfri.

Woodfjorden vart fri for is, og vi kunne igjen setja båten på sjøen. Fuglane kom attende i store flokkar, og snøen minka på bakken. Den snøen vi brukte til drikkevatn vart meir og meir brunfarga. Til slutt tok vi vatnet frå ein sølepytt rett utfør hytta. Steinulf fjerna alle kammarane til Rabben, slik at det heile skulle sjå meir delikat ut.

Båten vart nytta til tur over Wijdefjorden til Polhem, og sørover langs austsida av den enorme Wijdefjorden. Her var/er mange gamle meir eller mindre bevarte fangsthytter, der sko med sennagrass fortsatt stod på golvet, eller bestikket hang på veggen. Det var nesten so ein burde banka på døra (om ho fortsatt var der) før ein gjekk inn.

13 månader etter vi kom til Gråhuken, kunne vi igjen høyra maskinduren til Polarstar som kom for å henta oss på ein av sine turar for Sysselmannen. Skipper var Johan Holstad, som eg tidlegare hadde vore med på Svalbard. Etter at alt utstyret vårt var lasta om bord, drog mannskapet ut til skuta, og Rabben, Steinulf og eg fekk ta eit farvel med Gråhuken åleine. Etter ei stund drog vi ut i vår eigen båt, og vart heisa om bord. Der hadde stuert Lars Holstad dekt eit storstått bord til oss, men eg ville berre ha appelsiner og tomat.

Rabben vart att i Ny- Ålesund. Det tok eit halvt år etter vi kom attende til Oslo, før eg hadde kjendsla av å leva normalt att. Breva til Rabben vart mange og lange. Året på Gråhuken er det beste vi har opplevd hittil i livet.



Hei redaktør

Viser til bilde av "Aarvak" i siste nr. av Isflaket (nr.3) der det vert etterlyst namn.

Karen bak i gangen er skipper Anton Pilskog Hjørungavåg, som var skipper på "Aarvak" i perioden 1952 – 58. I styrehusvinduet til høgre skimtar vi 1.skyttar Johan B.J. Brandal (lisje hau) i "blankskjoldahue". Fremst på romluka (sneip i munnen) sit fangstmann Kristoffer

Pedersen frå Vartdal. Han var 2.skyttar i Stretet i 1956 då eg var førstereisgut. I venstre billedkant skimtar vi maskinassistent Søren Roppen frå Flø. Dei andre personane hugsar eg ikkje namna på.

Dette bilde meiner eg er teke på heimturen frå Vesterisen i 1957.

Dette utifrå at eg har eit liknande bilde som er teke samstundes.

Eg var smørjar på denne turen.

Alternative årstall kan vere 1956 eller 58. "Aarvak" var forlengd til sildefiske 1956. Som vi ser av bilde viser det at ho er forlengd.

Anton Pilskog sluttar sommaren 1958.

Føler meg nokså sikker på 1957 og truleg er det eg som er fotografen.


Mora mi gav i si tid ein del bilder til Henrik Landmark.

PS Karen i styrehusvinduet til venstre er muligens Odd Hatlemark frå Ulsteinvik ??



Helsing Arvid Pilskog, 6065 Ulsteinvik

Polarbøker til jul - julegåva som varer!

**Is, skuter og folk - Isflaket 10 år.
316 sider, nær 200 foto. Kr. 395,-**



**Polarminner - minner om et glemt land
og yrke. Av Ivar Ytreland kr. 298,-**



**På minnegrunn - minner frå et polarliv
Av Sigmund Bøe kr. 298,-
Porto kjem i tillegg på alle.**


Juletilbod, bokpakke.

Kjøp alle tre til kr. 795,- + porto

Bestilling: Tlf. 700 92 004 Mail: post@ishavsmuseet.no

**«Brodd» av
Hareid
fann flottør
frå Latham
i 1928.**

”Brodd” var den
første
dampbåten som
kom til Hareid, i 1902.



Grete, Kjell og Henrik med medalja som faren Erling Fjelly fekk frå den franske staten. Dei har gitt medaljen til Ishavsmuseet.

Der står gravert inn: Marine française.
Recherches D'Amundsen et de Guillaud 1928.



Mannskapet fotografert på Grand Hotel i Tromsø. Foto: Den franske konsulen
Første rekke fra venstre. Elias Bakkely, Elbert Torheim, Asbjørn R. Hareide, Karl Jakobsen,

Sommaren 1928 var «Brodd» på fiske etter kveite og torsk ved Bjørnøya og gjorde det svært godt. Dei hadde 14.000 kg kveite og 35.000 kg torsk om bord. Dette var same året som Roald Amundsen som var av stad å leita etter Umberto Nobile, kom vekk med det franske flyet Latham.

Flyet hadde seks mann om bord og var tungt lasta. Ein rekna med at det var det som var årsaka til at dei styrtta i havet. Det vart lova 10.000 kr i dusør til den som kunne skaffe sikre bevis frå flyet til Amundsen.

”Brodd” kom frå Bjørnøya og var på høgde med Fugløya utanfor Tromsø då dei oppdaga noko dei først trudde var ei kantra jolle i havet. Datoen var 1. september. Dei purra ut heile mannskapet for å take om bord denne gjenstanden som då viste seg å vere ein flottør frå Latham.

Dei gjekk inn til Tromsø og varsla om funnet som skapte stor oppsikt i Tromsø og langt vidare enn det. Skodelystne og journalistar samla seg i store flokkar på kaia dagen etter då nyhendet vart kjent. Skipper Asbjørn R. Hareide vart boren på gullstol så lenge at han nesten ikkje hadde føtene i gata då han gjekk i land.

Den franske konsulen i Tromsø fekk teke mannskapsbilde som seinare vart publisert i store aviser i mange land i Europa.

Seinare på hausten fekk dei utbetalt dusøren på kr. 10.000,- som var lova. Kvar i mannskapet fekk 775,- kr noko som var om lag det dobbelt så mykje som dei fekk i hyre av den store fangsten. Då fekk også kvar av mannskapet på «Brodd» overlevert medalje frå den franske staten.

Karstein Geitnes, Arthur

Sivertsen

Andre rekke frå venstre. Emil R. Hareide, Arthur Rise, Erling Fjelly, Jon L. Grimstad, Jan J. Holstad, Lars Kjelstadli og Peter J. Holstad

Is, skuter og folk "Isflaket" 10 år

"Is, skuter og folk "Isflaket" 10 år", inneholder eit utval av artiklar frå dei første 10 åra med "Isflaket", i tillegg til fleire nyskrivne artiklar. Boka handlar ikkje først og fremst om skutene, men om folka som var med dei på selfangst, ekspedisjonar og overvintring.

Redaktorar:

Finn Sindre Ellassen, Magnus Seiland og Gunnar Wirk

Boka kan kjopast på Ishavsmuseet, hos lokale bokhandlarar og direkte frå forlaget.
320 sider. Pris kr. 395

Spor forlag AS, boks 326, 6067 Ulsteinvik
www.sporforlag.no cinar@sporforlag.no



Verfts Support As

mail: verfts-s@tussa.com

Gjennom isen seks gonger – men fislukta var verst!

Fangstmannen Ole Klokseth minnest ei dramatisk polarjul.

For SA ved Johan K. Tenfjord.



Det var det året vi feira jul to gonger. Fyrst lillejulafta i ei littelit fangsthytte, medan snøstormen piska rundt nova. To mann og eit heilt hundespann i eit rom som neppe var meir enn eit par tre kvadratmeter. Det vart ellers ikkje rare feiringa den dagen, det tillet korkje plassen eller omstendigheitene. Neste dag, då vi trudde det var første juledag, snødde det like tett, og stormen rasa ufortrødent. Men vi slo oss fram til stasjonen i Myggbukta. Og der oppdaga vi at vi hadde bomma på kalenderen. Vi kom bokstavleg tala til dekka julebord. Spør om jula vart feira!

Så hadde vi ikkje slite mindre heller for å kome oss til Myggbukta. At oss i det heile teke kom fram i live er meir enn eg fattar.

Revejakt og laksefiske.

Det er Ole Klokseth frå Tennfjord som fortel om jula 1934. Klokseth er ein av dei som freista lykka som fangstmann på Aust-Grønland i 30-åra. Tre vintrar og fem somrar tilbrakte han i området rundt Franz Josefsfjorden. «Basen» hadde han på Kapp Humbolt på Ymerøya, og rundt omkring i dei enorme øydemarksområda der han jakta, hadde han 10 mindre fangsthytter. Om vinteren jakta han rev, og om våren litt isbjørn for sportens skuld. Og det var virkelig sport, hevdar han. Ein gong fylgde han etter ein rusk av ein bjørn i ni mil før han fikk has på han. Om sommaren var det laksefiske. Laksen stod så tett at ein ikkje trengete fangstreidskap. Tørre nevane innpakka i ullvottar for å få betre tak på fisken, var redskap god nok. Og i løpet av ein sommarsesong kunne eit tremannslag ta opp 80 tonner og meir til. Det var noko ganske anna liv enn å gå heime og sloss om dei få jobbane som fanst, seier Klokseth.

Til Myggbukta på julebesøk.

Ein av dagane før jul fikk eg besøk av min gode fangstkamerat Magne Råum i hytta på Kapp Humbolt. Då hadde eg ikkje snakka med folk på fleire månader. Om sommaren hadde Råum, Johan Listhaug frå Ørsta, Knut Brandal frå Brandal og eg vorte samde om å dra til Myggbukta og feire jul saman. Men for å kome dit måtte vi krysse Franz Josefsfjorden, der isen var dårleg. Vi la likevel i veg, og midt ute på den halvanna mil breide fjorden, byrja isen og bevege seg. Det bles opp ein skikkeleg frålands storm, bevegelsen i isen vart verre og verre, og så sette det inn med snø. Brått ser eg hundespannet til Råum forsvinne gjennom isen framføre meg. Men vi klarte å få både sleden og hundane oppatt på isen. Så skulle eg køyre først. Isen hadde begynt og gå opp rundt oss, men råkene vart fyllt med snøslaps på eit blunk, så det var uråd og vite kvar det var is og kvar det berre var snösørpe. Snart var det mitt hundespann som gjekk gjennom. Men eg kom meg inn på nokonlunde trygg is, og fekk berga hundane. Neste gong var det Råum sitt spann som gjekk igjennom. Seks gongar gjekk vi gjennom denne dagen, og vi var temmeleg utkøyrd då vi kom over til Kapp Franklin på den andre sida. Det siste stykket gjekk vi over eit isflak som var på rek ut fjorden, men heldigvis svinga det inn under land slik at vi kom oss av før det forsvann. På Kapp Franklin fann vi oss ly for den forrykande snøstormen i ei tom fangsthytte.

Folk dreiv til havs på isen.

Neste dag var all isen driven til havs. Seinare fekk vi høyre at to danskar dreiv til havs med isen og forsvann sør ved Scoresbysund samtidig som vi kjempa oss over Franz Josefsfjorden. Vi hadde enno fem mil å køyre før vi var i Myggbukta. Vêret var det same som dagen før. Snøkava var så tett at eg ikkje såg dei fremste hundane i spannet. Stadig måtte vi stoppe for å klore laus isen som la seg over augo til hundane. Mot kvelden hadde vi endå eit drygt stykke veg igjen, og vi såg ikkje anna utveg enn å grave oss ned.

Men plutseleg ruva noko stort og svart opp av snøen rett fram føre meg: ei hytte. Vi tok oss inn. Der var noko kveitemjøl i hytta såpass vi

fikk koka oss graut. Men til hundane hadde vi ingen ting. Medan vi gjorde opp i ovnen, begynte hundane å ule. Råum ut for å sjå kva som var på ferde. Og der sto det ein velvaksen moskusokse midt i hundeflokken. Dermed vart det julemat både på oss og på dei firbeinte. Vi var nemleg visse på at dette var sjølve julafstan.

Døden nær av fislukt.

For at ikkje hundane skulle ryke i slagsmål, tok vi det eine spannet inn. Råum la seg til å sove på golvet, og eg på benken. Men utpå natta vakna eg av at eg ikkje fekk puste. Eg rava mot døra, fekk henne opp og gulpa etter den friske polarlufta. Det var hundane som hadde forpest lufta inne i hytta. Dei hadde tatt så grundig for seg av moskuskjøt om kvelden at dei hadde blitt sjuke. Eg hadde vore på randa av å kovne av noko så prosaisk som fis-lukt!

Neste dag rasa snøstormen på same måten. Men no visste vi at vi hadde kort veg igjen, så vi tok sjansen på å ta laust. Ut på dagen byrja hundane og gjøy. Vi forstod at vi måtte vere i nærleiken av stasjonen, men vi kunne ingen ting sjå. Det var ingen ting anna å gjere enn å la hundane ta leiinga det siste stykket, og dei gjekk seg rett på stasjonen.

Tapte 70.000,- i poker.

På stasjonen var telegrafisten Johan Listhaug, ein oslo-mann som heite Herdal og ein Antonsen frå Mosjøen i full gang med å førebu julegildet. Men Knut Brandal fekk ikkje oppleve jula i Myggbukta. Han hadde døydd nokre dagar før. Denne Antonsen var litt av ei type. Han overvintra i sju år i samanheng på Revet, nord for Myggbukta. Dei var tre i lag i byrjinga, men dei to andre vart sjuke og døydde. Sjølv fikk han stukke ut det eine auget medan han var åleine i villmarka. Men det grodde saman att på eit vis, og då han kom heim fekk han det operert på Rikshospitalet, og berge synet. 70.000,- kroner hadde han lagt seg opp, og dette var ei heil formue den gongen. Men i løpet av 14 dagar hadde han spelt vekk alt i poker.

Tredje juledag var det 38 kuldegrader. Antonsen gjekk ut i berre skjorte ermane for å sjå til hundane. Og han uffa seg då han kom inn igjen: Eg blir så frøsen når eg blir liggande lenge inne

sa han. Jula vart feira med moskussteik, hermetisk skinke, og Kings Whiskey. Men tredje dag laut vi bryte opp og gi oss på heimveg. Vi rekna med at isen hadde lagt seg att på Franz Josefsfjorden. Men det hadde han ikkje. Etter ein «bomtur» på 10 mil, var Råum og eg tilbake i Myggbukta. Vi hadde ikkje anna å gjere enn å ta den lange vegen rundt fjorden. Så slo vi oss i lag med Listhaug, drog til Hoelsbu og fikk Knut Brandal i jorda. Den korte sørgehøgtida då vi tok farvel med ein god kamerat har brent seg inn i sinnet for all ettertid.

Siste stykket «heim» til Kapp Humbolt gjekk eg åleine. Og enda ein gong heldt det på å gå gale: rundt Kapp Grå måtte eg ut på sjøisen som eg slett ikkje leit på. Eg spende på meg skiene, og gjekk breidt i den djupe snøen, med hundespannet bak meg. Brått gjekk hundane igjennom. Det var slett ikkje is under snøen, berre laussnøen bar! Eg var ikkje høg i hatten då eg kara meg til lands. Å berge hundane var ikkje til å tenke på. Men sjølv kom eg meg velberga opp på det tørre. Der vart eg ståande og lokke på hundane som kava for livet i snösørpa. Og sanneleg klarte dei å kome seg på land.

Ofte «nære på».

At vi overlevde juleturen til Myggbukta er meir og meir ufattelag til meir eg tenker på det. Det kunne ofte vere nære på for oss fangstfolka. Som då Råum ein gong vart angripen av ein isbjørn utan anna og forsvare seg med enn ei øre. Bjørnen beit seg fast i årebladet. Han togg det som flatbrød, medan Råum meinhardt i andre enden. Og då årebladet brotna mellom bjørnekjevane, rykte Råum til seg det som var att av åra. Og med det slo han bjørnen i hel.

Eller då Listhaug vart angripen av ein styggsint moskusokse etter at børsa hans hadde klikka. Det var ikkje anna og gjere enn å legge på sprang. Han hadde moskushorna i buksebaken då han nådde ut på eit is-sva. På glatta stokka beina seg på moskusen og han for over ende, braut krysset, og vart liggande. Dermed berga Listhaug livet.

Det var mange episodar av liknande art. Men det var sjeldan nokon vart drepne. Derimot var det mange som bukka under for sjukdom.

ROUKKI

more with metals



Notat frå arkivet

Ukjent forfattar

Ei av dei tre første Sunnmørsskutene som byrja med ishavsfangst var Minna. Ho var bygd i Hardanger i 1896 og var 68 brutto tonn, 32 netto tonn. Minna var den minste av desse tre skutene.

Det var 29 april 1898 Minna utklarerte første året.

Petter S Brandal som eigde henne, var også skipper på Minna til 1911 då han gjekk iland for å vareta bedrifta si med dei mange skutene som han etterkvarthadde kosta seg.

Første året innklarerte Minna 15 september. Fangsten var: 30 kvalross, 327 småsel, 132 storsel, 2 levende bjørn, 8 døde bjørn og 9 reinsdyr.

Men fortjenesta på dette vart ikkje stor. Ein av dei som var med fortel at han vart skuldig 5 kr på første turen, ein annen hadde 20 kr igjennom for 4 månaders tur.

Fangsten andre året var: 531 småsel, 453 storsel, 15 reinsdyr.

Båe desse to første åra leverte dei fangsten i Tromsø. Dei tok også skyttarane sine fra Tromsø.

Tredje året skutene var i vesterisen fekk Brandals skipperane lyst til å gå inn til Grønnlandskysten, då dei syntest at dei ikkje kunne koma heim med so lite fangst som dei hadde. Dei samrådde seg med skipperane på dei store Østlands stimbarkane son også låg i isen på fangst. Desse meinte det var galmannsverk å forsere isen med dei små skutene, som ikkje eingong hadde maskinkraft.

Men Branddølingane let det likevel stå til innigjennom isen og nådde fram til Grønnlandskysten. Her tok dei 5 levande moskus, 8 isbjørnunar, 4 polarulv, klappmus og kvalross, 1 narrkval på 7 fot og hadde også med seg nedsalta laks.

Då Minna kom kom heim ifrå denne turen, heldt dei utstilling i Ålesund over det dei førde heim ifrå Grønnland. Det var serlig moskus og kvit



polarulv som inntreserte vitskapsmennene.

Frå 1900 til 1906 var no Minna kvart år på Grønnland for å kompletere fangsten. I 1908 fekk Minna innsett dampmaskin på ca. 50 hk. Desse første maskinene var meint berre som hjelgemaskiner, framleis var det segla som var det viktigaste. Men likevel må det ha verka reint revoluserande på gamlekarane når dei fekk desse små maskinene.


Tenk å kunne gå attover i isen, og likeeins sleppe å verte liggande i vindstille. Det fortelst om Petter S Brandal at eit år dei kom frå isen og vart liggande i vindstille utfor land, at han let seg ro iland uthåpå Buhammaren og gjekk fjøra heimatt. Først neste morgen kom Minna drivande inn med land.

Minna forliste i Grønnlandsstredet i 1918.

Alt gjekk godt på denne turen til 2 juli, då kom dei inn i isen og fekk også litt fangst. Men vinden friska til nordkuling så dei gjekk so langt inn i isen som dei kunne å la fast til eit isflak. 5 juli kl 13 tok isen til å skru og Minna vart sett over ein isfot slik at skuta krenga til babord. Seinare vart babord side inntrykt og skuta sprang lek. Klokka 2000 sank Minna. Men segl, proviant, to båtar, gevær og ammunisjon vart berga.

Mannskap og utstyr vart fordelt på Loftingen, Aarvak og Signalhorn, som ikkje låg langt undan.

Assuransesummen for Minna var 50,000 kr.



«Minna» år 1900

Helsing frå styreleiaren i Ishavsmuseet

Kjære alle Ishavsvenner,

Eg har fått det ærefulle oppdrag å skrive ei helsing til ISFLAKET og alle bladets trufaste leesarar. Når ein skal skrive ei slik helsing så synes eg det er på sin plass å gi honnør til alle dei frivillige som no og opp gjennom åra har teke eit tak for Ishavsmuseet. Alle forstår at utan eldsjeler og pådrivarar så hadde ikkje museet kome dit det er i dag. Så først og fremst ei ærefull takk til alle som står på og har stått på for å utvikle museet. Det er ein fantastisk følelse å kunne jobbe saman med alle desse, og sjå korleis dugnadsånd, entusiasme, glede og samhald ber frukter ! Eg skal ikkje nemne navn, men dokke ser dei, veit om dei og kan treffe dei kvar dag på museet! Og oss veit kva arbeid og innsats som har vore lagt ned frå den eldre ishavsgarde og bygdafolk som har jobba tusenvis av timer her ved museet.

Ishavsmuseet Aarvak har siste åra vore gjennom ei rivande utvikling, med fullføring av Arvakhuset som er eit signalbygg langandes veg! Oss får berre skryt av denne bygninga, oss må no med omhu fylle den med historie og gjere den enda meir attraktiv både som museum og som ein arena for andre aktiviteter, som kan gi både liv og inntekt til huset.

Vidare har det sidan i sommar kome til eit tilbygg til museet, som gjev utrulege muligheter! Ny kiosk, nytt kjøkken, ny utstillingshall nede som oss koblar saman med unytta areal (lageret i bak i museumsbygget). Oppo vil oss få stor ny konferansesal, og minst to nye ekstra rom, som skal nyttast til det viktigaste eit levande museum skal styre med, formidling ! Samtidig gjev flytting av konferansesal frigjeving av areal til endå meir museal formidling. Oss håper 2011 skal gi oss evne og midlar til å fullføre dette løftet. Men alt

no ser oss store forbedringar og dette gjev alle oss mot og krefter til ytterligare innsats.

For oss torer ikkje stoppe no ! Vi har starta fleire prosessar, som nok omverda skal få vite meir om etterkvart. Men kan kort nemne at oss i løpet av hausten har inngått leige-intensjonsavtale med fam. Karlsen om overtaking av det store kvite kontorbygget som så mange kjener til frå den tida Brandal var eit hektisk eldorado for fangst og fiske. Dette bygget vil gje oss gode og nødvendige utviklingsmuligheter ! Nytt lager, brannsikkert rom, lager, kontor og mykje anna som det har vore eit skrikande behov for. I denne samanheng må eg som styreleiar få takke Else og Martin Karlsen og resten av familien for stor forståing og for deira store vilje til å hjelpe oss å ta vare og utvikle vidare den polare historie. Og med stoltheit og glede kan eg opplyse at oss har fått heile det store historiske arkivet som fortel om liv og lagnad på land og sjø, fangstdagbøker og anna umåteleg viktig dokumentasjon. Og ikkje nok med det, Rieber selskapet hivde seg på i same slengen og gav oss alt som dei hadde liggande ved deira gamle kontor i Ålesund. Umissande verdiar, som oss skal vite å ta vare på !

Andre planar? Sjølvsagt! Vi har eit nødvendig behov for kai, som gjev museet nye uante muligheter! Det har det vore jobba med i mange år, no ser det ut til at oss kan lukkast! Hvis oss får det som oss vil og ynskjer, vil det i løpet av neste år kome opp ei ca 90 m² stor kai, som vil gje anløp av mindre cruise- og passasjerbåtar, samt at andre sjøfarande kan på ein mykje lettare måte besøkje museet vårt.

Også viktig for oss er å få varme i Aarvakhuset, det blir det jobba konkret med og oss meiner å ha løyst det i løpet av vinteren. Oss har også vorte mykje betre på datakommunikasjon, TV-skjermar i alle etasjer, i det heile blir det jobba knallhardt med å gjere museet endå meir levande! Dei som styrer med dette gjer ein

kjempeinnsats for å få formidla all den historia som ligg innanfor og rundt veggane her ute i Brandal. Oss jobber hardt med skulane for å få enda meir besøk frå dei, oss reiser rundt å held foredrag og fortel ishav- og polarhistorie langt utanfor fylkesgrensene. Det skal oss intensivere endå meir! FORMIDLING er eit nøkkelord for alle oss ved museet, utan god og spennade formidling dør interessa! Kanskje museum rundt omkring burde kome til Brandal for å lære og sjå og høre kva oss held på med ! Det blir rett nok snakka om Facebook, YouTube, Twitter og gudane veit, og det er viktig nok, oss er med der også, men oss meiner museet også skal vere attraktivt å BESØKJE !

Det er også på sin plass å takke Ordførar, Rådmann, Kultursjef og dei andre i politisk og adm.miljø her i bygda vår. Og også har oss fått støtte frå dei andre kommunene rundt om. Det er uhyre viktig for oss som står på her ute i ved museet og føle og få denne støtta. Slik støtte og hjelp treng oss mykje meir av! Oss har sett oss store mål, til det trengs det både pengar og all anna hjelp. Oss ha fått mykje god støtte frå næringslivet i bygda og rundt omkring, dette er oss svært takksame for. Sjølv om oss veit desse vert "nedrent" av mange andre gode og viktige prosjekt, ser oss med stor glede at dei nyttar oss til møter, konferanser og andre samkomer, og dei yter også økonomisk støtte. Alt dette gjev oss mot og styrkje til vårt STORE og framtidige mål, det å gjere museet så stort og viktig at det kan lyftast over alle sokalla "paraplyar" og få den status dette utrulege museet fortener, nemleg nasjonal status på linje med det som så mange andre museer rundt om i landet har fått.

Er det noko som det trengst å ta vare på, så må historia om norsk kystkultur, fangst og fiske, nasjonal polar historie, liv og lagnad til folk vere noe av det aller viktigaste! Veggane i den gamle ærverdige Gråbuda sitrar av slik historie ! Du med di støtte og hjelp kan vere med på å lyfte oss vidare opp og fram ! Ikkje noe er

kjekkare enn at folk kjem til oss med gjenstandar, bilder, historier som gjer dette museet endå rikare og endå viktigare!

ISFLAKET, dette landets største og viktigaste polare magasin, ja det er faktisk det, er eit blad akkurat du burde abonnere på! Gjer du det, hjelper du venneforeininga vår, Ishavsmuseets Venner, til å utvikle bladet vidare. Takk for di støtte, og ikkje legg til sides giroblanketten som våre venner so diskret har lagt inne i bladet!

Til slutt vil eg oppmøde alle om å ta seg ein tur på museet, sjå, lære, suge inn historie, snakke med oss, støtte oss, og gi oss eit "ekstra spark bak" til å yte endå meir! Takk til alle som gjennom dette året og så mange år tidligare har gjort noe positivt for museet, eg ynskjer dykk og alle andre i bygd og by ei GOD JUL og eit GODT NYTT ÅR.

Willy Nessel

Styreleiar



Ishavsminner

Av Sigbjørn K. Rosbach Røren

Året er 1955, og dei to biletene er frå turen til Danskestretet det året. Fyrste delen av turen var det selfangst, seinare håkjerringsfiske med liner. Utsiktene til noko stor fortjeneste var det ikkje dette året, prisane var låge både på skinn, spekk og håkjerringstran. Det ungdomslege mannskapet gjenspeglar kanskje dette.

Det eine biletet er frå ein fin dag i plukkfangst ser det ut for. Skuta vi ser til høgre er «Polarbjørn». Den andre er eg ikkje viss på. Er det «Isflora»?

Det andre biletet syner deler av det unge mannskapet på «Polaric», fotografert rundt dagens isbjørnfangst.

Eg hugsar det vart skote tre isbjørnar denne dagen. Dei kom svært nær skuta, ikkje minst på grunn av lukta frå byssa til stuert Halvard Skinnes frå Ulsteinvik.

Skipper på turen var Monrad Pilskog frå Hjørungavåg, og maskinist var Arvid Aschehoug frå Hareid. Eg meiner at dette var siste ishavsturen Monrad Pilskog hadde med «Polaric».

Karane rundt isbjørnen er framme frå venstre: Bjarne Liavåg, Magnar Arne Brandal og Svein Moldskred, alle frå Brandal. Bak frå venstre: Nils Richard Fjelly og Hallbjørn Mork frå Hareid, Arthur Myklebust (nesten gøymd) frå Ålesund, Karsten Krogsæter frå Vatne og Arne Riise frå Hareid. Eldstemann i denne gjengen var 23 år og den yngste 15 år.

Framfor keisinga stend kara som blei brukt til damping av håkjerringslever. Vi ser også litt av labbane til ein av dei to andre isbjørnane som vart skotne.



Hallgeir Teigene
Hönseri

Beste egg direkte frå hönseriet

Tlf. 700 92 642
700 94911
901 92 591

6060 Hareid

*UTEN BUNNSOLIDE ISHAVSSKUTER
HADDE VI MED SIKKERHET IKKE HATT
NOEN HISTORIE Å SE TILBAKE PÅ.*



BRØDRENE DAHL



Brødrene Dahl AS har vært i Norge som rørgrossist siden 1917. En av bedriftens viktigste kundegrupper i hele perioden og frem til i dag er verftsindustrien. At norsk verftsindustri fortsatt «går for fullt», kan med sikkerhet tilskrives ekstreme krav til kvalitet og kunnskap i alle ledd gjennom mange år. Erfaringer fra ishavet, skutene og de som seilte der er en del av dette.

***BD ønsker Stiftelsen Ishavsmuseet og alle
som arbeider med dette prosjektet lykke til!***

www.dahl.no

B



**PORTO
BETALT P.P
Avtale
617108/7**

Det har skjedd mykje nytt sidan det førre nummeret av bladet. Den nye Ishavsboutikken er opna i første etasje. Om lag 30 kvadratmeter med bøker og souvenirar. Takk til sponsorane som har gjort det mogeleg å opne butikken: Zenith Elektro, Elprodukter, Brødrene Dahl og Vartdal plast.

Småbåtane er komne inn i det nye båthuset i tilbygget til Ishavsmuseet. Det er sett opp eit 2,5 meter høgt plankegjerde mot sør.

Snikkarane er no i gang med å innreie tilbygget til kjøkenet.

Over nyåret vil det utvida konferanserommet i andre etasje bli sett i stand.

Vi viser elles til styreformann Willy Nessel sin artikkel annan stad i bladet.

DENNE UTGÅVA AV ISFLAKET ER SPONSA AV FISKERSTRAND VERFT AS



NYBYGG - REPERASJON - OMBYGGING - VEDLIKEHOLD - DOKKING



FISKERSTRAND VERFT AS
Risevegen 23, 0035 Fiskerstrand
Tlf: 70 19 93 00, Fax: 70 19 93 01
E-post: firmapost@fiskerstrand.no
www.fiskerstrand.no

